



Mot nye høgder

Ikkje sidan 80-
talet har Noregs
Mållag vore større.

SIDE 7



Olav Duun 150 år

Det Norske Teatret
opnar Duun-året
2026 med *Med-
menneske* på
hovudscena.

SIDE 4–6



Barnebladet og *Inn* til skulane

– Det er like viktig
i bokmålsområde
som i nynorskom-
råde.

SIDE 8–9

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1
mars 2026

Tek kunnskaps- ministeren ny- norsken på alvor?

– Eg klarer ikkje fri meg frå tanken
om at vi snart må i kamp for sidemåls-
karakteren, seier Peder Lofnes Hauge,
leiar i Noregs Mållag.

SIDE 2–3



Det enkle er sjeldan det beste

■ Eit klassisk argument mot sidemålsordninga er at ho tek opp verdfull plass i skulen – plass som kunne vore betre nytta på noko anna. Det er for mange norskkarakterar, for mange eksamenar, for mykje grammatikk og litteratur, og ein lyt heller konsentrere seg om hovudmålet sitt. Kva ein skal nytte plassen til, og kvifor det er nynorsken som må til pers, er sjeldan heilt klart.

■ Etter mange år med skjermeksperiment i skulen, der ein trekkjer elevane lenger og lenger vekk frå språket, skrivinga, lesinga og det handfaste, byrjar sjølv styresmaktene å sjå det målrørsla og mange med allereie har visst lenge. Det ein treng for å bli god til noko, er tid, konsentrasjon og fordjuping. Å verkeleg jobbe med tekstane, verkeleg setje seg inn i eit saksfelt, verkeleg bry seg om noko, det er det som trengst; ikkje effektivisering av heile klasserommet ned på ein liten skjerm.

■ På same viset er det med språklæringa. Forskinga viser at elevane har godt av å lære seg både hovud- og sidemål. Dei har godt av å lære seg framspråk. Dei har godt av å lære seg mange og uavhengige fag. Sjølv sagt har dei det! Alle som kan eit anna språk godt, veit at det kan kaste nytt ljøs over språket me kan best. Alle som lærer seg ein ny disiplin, ser sin gamle med nye augo.

■ For mange verkar det enkelt og fornuftig å kutte i storleiken på norskfaget, slik at ein kan konsentrere seg om dei faga ein faktisk får bruk for. På same måten verkar det fornuftig å kvitte seg med papirbøkene for å samle læringa på ein skjerm. Det grunnleggjande mistaket i desse tankane er at dei fjernar nettopp det me treng mest akkurat no.

■ Ein av idéane som har forma dette hundreåret, er at teknologien er til for å gje menneske betre og enklare liv. Ein annan er at livet kan og bør gjerast meir og meir effektivt, inntil ein berre fokuserer på dei tinga ein treng. 2026 må vere året for å sjå at desse tinga ikkje er sanne.

JÓGVAN HELGE GARDAR

Utgegeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Jógvan Helge Apalnes Gardar

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Eg klarer ikkje fri meg frå tanken om at vi snart må i krigen for **sidemålsskarakteren**.

Ei uro er kom

■ Då eg sette meg ned for å skrive denne leiarteigen, var tanken å skrive om korleis eit nynorskvenleg stortingsfleirtal burde utnytte valresultatet og ta initiativ til eit stortilt nasjonalt positivt sidemålsforsøk. Endeleg kunne vi få undersøkt effektane mellom anna ved å byrje med systematisk opplæring tidlegare og å bade elevane i nynorsk i andre fag enn norsk.

■ Likevel: Vi har bak oss ein valkamp som frå vår side var prega av kampen for sidemålsordninga slik vi kjenner ho. Alle elevane skal få lov å lære både bokmål og nynorsk, slik at dei har ekte fridom til sjølve å velje kva språk dei vil nytte i ulike situasjonar – resten av livet. Denne kompetansen må vere synleg på vitnemålet. I ein karakterstyrt skule er det avgjerande for å sikre at arbeidet med sidemål blir prioritert av både lærarar og elevar. Sidemålsskarakteren signaliserer likeverd mellom nynorsk og bokmål. Å fjerne karakteren vil sende eit signal om at sidemål ikkje tel like mykje som hovudmålet, og slik svekkje jamstillinga mellom nynorsk og bokmål.

■ Med dagens stortingsfleirtal burde sidemålsordninga vere trygga, men krefter i dei fleste parti snakkar høgt om talet på norskkarakterar og er usikre på behovet for eigen karakter i skriftleg sidemål. Spørsmålet er kva dei tiskar og kviskrar om i Kunnskapsdepartementet. Forstår kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun at det er politisk sjølvmoard å leggje seg ut med målrørsla – og fleirtalet i

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

Stortinget – i dette spørsmålet? Eller blir det for freistande for ho å melde hardt i ei sak der ho har snust seg fram til kva som blir godt motteke i klasse- og lærarrom?

■ I 2012 bad dåverande kunnskapsminister Kristin Halvorsen (SV) Utdanningsdirektoratet greie ut ei samanslåing av karakterane i hovud- og sidemål. Det er dumaste ho nokon gong har gjort. Det er grensesprengande naivt å ikkje sjå kva krefter ein då legg seg ut med. Reaksjonane let ikkje vente på seg. Målrørsla mobiliserte, og internt i SV blei det opprør. Heidersmedlem i Noregs Mållag Oddny Miljeteig (SV), verva omlag 500 medlemmer til mållaget aleine. Om Nessa Nordtun freistar å gjere det same spår eg eit Vestlandsopprør i eigne rekke.

■ Norsk er det viktigaste og desidert største faget vi har i skulen. Det er ikkje unaturleg at dette er reflektert på vitnemålet. Likevel masar krefter i fleire parti om at det er for mange norskkarakterar og at sidemålsskarakteren difor må ryke. Merkeleg nok



Foto: Thomas Brun / NTB Kommunikasjon

Men over meg

snakkar få om den diffuse norsk munnleg-karakteren, men det er no ei anna skål. Dette handlar om nynorsk – og bokmålslevane sin manglande motivasjon for å lære han. Det hjelper ikkje at mange lærarar er uskikka til å drive opplæring i og på nynorsk. Likevel er dei tilsette i norsk skule.

■ Vi har enno ikkje fått ei vurdering av konsekvensane av å fjerne sidemålskarakteren i 8. og 9. klasse på ungdomsskulen og 1. og 2. klasse på vidaregåande. Men vi får tilbake-meldingar på at det fører til seinare start med arbeidet med sidemål på ungdomsskulen, sidan karakteren ikkje skal setjast før i tiande klasse. Å fjerne karakteren også i 10. klasse og 3. klasse er direkte uansvarleg for ein statsråd med det politiske ansvaret for lese- og skrive-opplæringa til norske elevar.

■ Frå skuleåret 08/09 har karakterane i norsk hovudmål og sidemål gått sakte og stabilt oppover. Det var ein dupp i 10/11, men det gjekk rett opp att året etterpå. Skuleåret 21/22 er det første året med vurdering berre i 10. trinn og vg3. Frå 22/23 gjekk snittet i både hovudmål og sidemål ned, og har stabilisert seg der. I mangel på andre undersøkingar er dette det einaste vi har å sjå til. Og det vitnar jo om at det verken er til hjelp for hovudmål eller sidemål at det ikkje er vurdering før mot slutten av skuleløpa.

■ Heller enn å fjerne sidemålskarakteren bør vi jobbe for tidlegare start med systematisk sidemålsopplæring, betre og meir engasje-

rande opplæring, og auka kompetanse hos lærarar som underviser i og på nynorsk.

■ Kunnskapsministeren har vist seg som ein politiskar som forstår straumdraga i det offentlege ordskiftet – og handle etter dei. Ho har hatt både vilje og evne til å gjere noko med utfordringar i skulen, om det så er snakk om mobilbruk i skuletida eller behovet for mindre skjerm og fleire fysiske lærebøker. Ho står no overfor eit stort val: Skal ho gå inn i historie-bøkene som ein kunnskapsminister som tok språkopplæringa til norske elevar på alvor, eller skal ho kopiere Halvorsen sitt mageplask – og føreslå å økse ned nynorsken sin rettmes-sige plass i norskfaget?

Sidemålskarakteren signaliserer likeverd mellom nynorsk og bokmål. Å fjerne karakteren vil sende eit signal om at sidemål ikkje tel like mykje som hovudmålet, og slik svekkje jamstillinga mellom nynorsk og bokmål.

■ sagt

– Det var [nynorsk] vi blei fortalt var valgt målform på Hareid, så da lærte vi oss det.

Maria Ghalvazi,
journalist i *Sunnmørsposten*

– Vi lærer oss bokmål, så det er vanskelig å forstå dialekten her oppe nå.

Eveline Vaane
frå *Nederland*
til *iTromsø*

– Vi har eksamen i mars. Jeg synes faktisk det er skikkelig gøy, selv om det skaper litt forvirring når vi får opplæring i bokmål. Det er enkelte dialektord jeg ikke skjønner helt ennå.

Jessica Gray
frå *England*
til *Rana Blad*

– Vi har lagt merke til at om vi forstår folk veldig godt, så er det ikke herfra.

Jeroen Haijen
frå *Belgia*
til *Meråkerposten*

Funnene viser at barn fra nynorsk-kommuner i gjennomsnitt tar 0,33 år lengre utdanning enn barn fra bokmålskommuner, når man justerer for andre relevante faktorer.

Morten Blekesaune
ved *Universitetet i Agder*

– Eg har tatovert heile «Kom ikkje med heile sanningi» av Hauge nedover låret. Kanskje er det verdas einaste nynorsktatovering frå Magaluf i Spania.

Ida Nicoline Glosimot
til *Nationen*

Og lat det vera klart: Det er ikkje innvandringa si skuld at engelsk blir stadig viktigare i Noreg. Det botnar snarare i den digitale revolusjonen der teknologien gjennom kommersielt optimaliserte algoritmar styrer oss, og ikkje minst born og unge, mot engelskspråkleg innhald. Etter kvart som me som samfunn blir meir kompetente i engelsk, blir me også meir mottakelege for innhald på det språket, og slik sett er det ein snøball som for lengst har byrja å rulla. I seg sjølv er det ikkje noko gale med det – not until the snowball rolls right over us.

Øystein A. Vangsnes
i *Klassekampen*

Det va ein barndomsdrøm å kommentere sport på fjernsyn. Nå ha e te og mæ fått lov te å jerra det i eit OL! Mange meina mykky um både dialekt og engasjement – dæ går fint. E har meir på lager. Tå baa dele!

Hans Solbakken
på *Instagram*

Ikkje med øks, men med tid

Mottakinga har vore både særs positiv og tvilande til **Medmenneske** på Det Norske Teatret. Nokre av innvendingane kjem jamvel frå scena.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ I stilla flyt einslege feletonar gjennom salen. Mange sekund går før ei rørsle bryt gjennom mørkeret. Ho tenner ei fyrstikk, så eit stearinljøs, og i skjeret frå flammen ser me trekka til Ragnhild der ho kveikjer opp i omnen. Snart kjem verfare Didrik heim, og familiedramaet på Stavsund kan ta til. I løpet av kvelden kjem Ragnhild (Ameli

Isungset Agbota) til å drepa Didrik (Geir Kvarme) med øks, men når dei to kjem ut i foajéen til intervju, er dei vel forlikte.

Lang tradisjon

Romanen *Medmenneske* kom ut i 1929, og sidan 1937 har han vore jamleg å finne på repertoaret hjå Det Norske Teatret med mange av våre viktigaste skodespelarar i rollene.

Geir Kvarme fortel om eit nyleg møte med ein eldre mann i dusjen på treningssenteret. Han vart attkjend, ikkje som seg sjølv, men som Didrik: *Espen Skjønberg var verre enn deg*, sa mannen. Skjønberg spelte den ærgjerrige og trassige kårkallen i Fjernsynsteatret i 1981, og for mange er det nok han som er Didrik Dale.

– Men eg har jobba medvite med at han ikkje berre skal vera vond. Det tykkjer eg er så uinteressant, for eg trur ikkje noko menneske er berre vondt.

Vanskeleg overføring

Denne oppsetjinga er ei ny dramatisering av Johannes Holmen Dahl, som også har regien, og som har mange suksessar bak seg i lag med scenografpartnaren Nia Damerell. Olav Duun meinte sjølv han ikkje var mykje til teatermann, sjølv om han mot slutten av livet var med på å få i stand den fyrste oppsetjinga av *Medmenneske* på Det Norske Teatret.

Geir Kvarme er også i tvil om dei viktigaste kvalitetane til Duun let seg overføre til scena:

– Han er ein heilt fantastisk forfattar i karakterteikninga si. Det har me kanskje ikkje lukkast

heilt med i den versjonen me gjer, å byggje den kompleksiteten som ligg i litteraturen, og å få det over i eit scenisk materiale.

Mottakinga av stykket har vore sprikande, så eg freistar meg frampå med eit spørsmål om kvifor:

Kvarme: – Diktingsrommet mellom litteraturen og lesar er mindre på teater, og det tek me ikkje alltid nok omsyn til. Mes-teparten av kvaliteten til Duun, vil mange seia, ligg i det litterære, som ikkje er mogleg å få inn på scena. Derfor skal ein vera lydhøyr for dei som seier et me ikkje får det til å fungere. Og så skal ein vera glad for dei som tykkjer det er nok.

Skodespelarane peikar også på dei store kulturforskjellane frå teksten til notida, særleg når det gjeld forholdet ein har til høgare makter.

Agbota: – Det er ein del meta-tekst som har forsvunne ut. Mykje som handla om Gud.

Kvarme: – Gud er veldig til stades i Olav Duuns *Medmenneske*, men han er nær fråverande i førestillinga vår. Desse menneska er forankra, dei er lenka til Gud i liva sine, men i oppsetjinga er forholdet til Gud tona kraftig ned. Dei diskusjonane der tykkjer eg ofte me tek litt lett på.

Språkspørsmålet

Ein skal som regel ikkje langt inn i ei samtale om Olav Duun før ein byrjar snakke om den særeigne skriftnormalen hans, og om samspillet mellom nynorsk og dialekt i tekstane hans. Korleis høyrst det då ut frå scena? *Medmenneske* i 2026 har ikkje den same trøn-



OLAV DUUN 150 ÅR: Det Norske Teatret opnar Duun-året med ei ny dramatisering av *Medmenneske*, regissert av Johannes Holmen Dahl.

Foto: Siren Høyland Sæter / Det Norske Teatret.

– Gud er veldig til stades i Olav Duuns *Medmenneske*, men han er nær fråverande i førestillinga vår.

Desse menneska er forankra, dei er lenka til Gud i liva sine, men i oppsetjinga er forholdet til Gud tona kraftig ned. Dei diskusjonane der tykkjer eg ofte me tek litt lett på.

Geir Kvarme
(Didrik)

derske klangbotnen ein finn i romanen, i eldre oppsetjingar og i Fjernsynsteatret, men heller eit større spenn av målføre.

Kvarme: – Eg tykkjer me jobbar altfor lite med språket. Det er noko som irriterer meg, at me som skodespelarar har gjeve frå oss eit verktøy som handlar om nettopp språk og identitet. Når me spelar Duun, skulle me spelt på trøndersk.

Agbota: – Om me skulle gjort det på trøndersk, måtte me ha starta eit halvt år i forvegen, men det valet vart ikkje teke stilling til, trur eg.

Kvarme: – Ein familie kan godt snakke ulike dialekter, men det har ei historie. Alt byrjar ein plass, og det tykkjer eg me skal reflektere i teateret. Så seier me at me brukar eigne behov, til å snakke eiga dialekt. Det tykkjer eg øydelegg for konsistensen i



historia. Det meiner eg, og folk vil vera rykande ueinige med meg, og tenkje at det er ein bagatell. Eg tykkjer ikkje det er det.

Evig aktuell?

Agbota har verkeleg fått smaken på litteraturen til Duun, og har lese vidare i Ragnhild-trilogien, der *Medmenneske* er fyrste bok.

– Det er det relasjonelle og det mellommenneskelege som gjer Duun evig aktuell. Eg seier det til

alle eg møter: *Les Duun!*

Likevel er det lenge sidan forfattaren har vore blant dei mest populære, særleg blant yngre generasjonar. Kanskje er det heile nyrealismen som er av moten, eller er det noko med Duun sjølv? Falkberget, Undset, Uppdal – det er fleire av desse namna som verkar fjernare frå tidsånda no enn dei pla.

— Kjem Duun til å få ein renessanse i jubileumsåret?

NY VÅR: Ameli Isungset Agbota og Geir Kvarme tvilar noko på at Olav Duun får ein renessanse i jubileumsåret, men er samde om at han fortener det.

Foto: Jógvan Helge Gardar.

Kvarme: – Eg trur ikkje det. For tida vår er annleis, med hjernane våre som er blitt skrollemonitorar. Duun er ikkje noko du sleng gjennom.

Agbota: – Det er sakte lesing.

Kvarme: – Om ein skal lesa han rettferdig, er ikkje det noko ein gjer medan ein multitaskar eller et knekkebrød, altså. Ein må gå inn i kvar setning, så rikt er det. Og det er som om tida vår ikkje er der.

Agbota: – Men det er mykje meir fokus på lesing no blant unge menneske, og at ting skal ta tid. Det er lenge sidan eg har lese noko som er så krevjande, og er veldig glad for at eg vart tvinga til det.

Kvarme: – Ja, det er verkeleg krevjande. Det krev noko av ein, og det tykkjer eg er ei slags kjærleikserklæring frå ein forfattar, at han seier: *Veit du kva? Dette er eit samarbeid mellom deg og meg. Dette krev også noko av deg.*

– Om me skulle gjort det på trøndersk, måtte me ha starta eit halvt år i forvegen, men det valet vart ikkje teke stilling til, trur eg.

Ameli Isungset Agbota, (Ragnhild)



NASJONAL FEIRING: Duun-heimane i Namdalen og Holmestrand held mange arrangement gjennom jubileumsåret, men markeringar skjer også mange andre stader.

Foto frå arkivet i Nasjonalbiblioteket

Duun-året 2026

Frå 17. januar: Det Norske Teatret, Oslo: Medmenneske.

Samtalar, opplesingar og introduksjonar om romanen, og i det heile om forfattarskapen og arven etter Duun.

10. april: Nynorsk kultursentrum, Aasentunet, Ørsta.

Føredrag av Grethe F. Syéd, høgtlesing og samtale om ordkunst og ettertanke.

4. mai: Litteraturhuset i Trondheim: Lesesirkel om Olav Duun: Menneske og maktene. Det siste av fire møte om fire klassikarar.

Mai: 10.-klassene i Holmestrand får kvar sin dag i Duun-huset (bustaden og skrivestaden til Olav Duun frå 1908) i Holmestrand. Omvising og skrive-

verkstad. I samarbeid med Den kulturelle skolesekken.

3. juni: Bjerkebæk, Lillehammer:

Eg er fri som eit anna menneske. Om fridom og samvit i Duuns roman *Det gode samvite* (1916). Føredrag av Kaja Schjerven Mollerin. Samarbeid med Litteraturfestivalen på Lillehammer.

13. juni: Duun-stemnet i Holmestrand.

Eg er fri som eit anna menneske. Om fridom og samvit i Duuns roman *Det gode samvite*. Føredrag av Kaja Schjerven Mollerin, samtale og musikk. Omvising i forfatterheimen.

19.–21. juni: Olav Duun-stemnet i Namdalen, på Jøa. Olav Duun 150 år.

Mangfaldig program med m.a. Åge Aleksandersen, Sylfest

Lomheim, Guri Idsø Viken, Maren Barlien, Grethe F. Syéd, Hildegunn Eggen og Rosenvang teater.

4.–5. september: Duun-parken i Holmestrand 50 år.

21. september: Litteraturhuset i Trondheim.

Program kjem på www.litteraturhusettrondheim.no.

23.–24. september: Nord universitet, studiestad Levanger.

Olav Duun-konferanse: Program kjem på www.nord.no.

7. oktober: Bergen offentlige bibliotek.

Program kjem på www.bergenbibliotek.no.

14. oktober: Alver bibliotek, Knarvik.

Duun i 2026. Føredrag ved Grethe F. Syéd.

24. oktober: Holmestrand bibliotek.

Hundreårsboka (1): Maratonlesing av romanen *Straumen og evja* (1926).

29. oktober: Holmestrand bibliotek.

Hundreårsboka (2): Innleiing og samtale om *Straumen og evja*.

21. november: Litteraturhuset i Bergen: Olav Duun 150 år i dag!

I samarbeid med Haugesenteret/Nynorsk kultursentrum. Program kjem på www.nynorsk.no.

Meir om alle arrangementa på www.olavduun.no.

Høgste medlemstal på 40 år

Dei siste åra har medlemstalet i Mållaget auka kraftig. Ved nyttår nådde organisasjonen det høgste medlemstalet på 40 år, heile 16 456 medlemmer.

■ Målsaka er viktig for både nynorsk-brukarar og bokmålsbrukarar over heile landet. No er det over 2000 fleire mållagsmedlemmer enn for fem år sidan, 4000 fleire enn for ti år sidan, og 6000 fleire enn for tjue år sidan.

– Folk ser at arbeidet vårt fungerer. Mållaget står bak viktige gjennomslag for nynorsken både lokalt, regionalt og nasjonalt. Fleire medlemmer er med på å gjera alt dette mogeleg, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Totalt verva Mållaget 1006 nye medlemmer i 2025, men medlemsauken har ikkje skjedd over natta.

– Dei aller fleste medlemmene i Mållaget er med i årevis. Det lovar godt for vidare vekst. Me er ein triveleg gjeng som ynskjer alle velkomne i lokallag over heile landet, seier han.

Voss vart vervevinnar

– No brettar me opp ermene for eit nytt år med eit rekordstort Noregs Mållag, seier nestleiar Live Havro Bjørnstad.

– Me skal få til viktige politiske gjennomslag for nynorsken og nynorskbrukarane framover.

15. januar, på årets første utgåve av Mål- og litteraturkaféen Johannes, delte ho ut blommar til Voss Mållag. Med heile 63 nye medlemmer var det dei som verva flest nye medlemmer i året som gjekk.

Største lokallag

Oslo Mållag: 903 medlemmer

Bergen Mållag: 887 medlemmer

BUL Oslo: 646 medlemmer

Voss Mållag: 370 medlemmer

Stord Mållag: 306 medlemmer

Flest nye medlemmer:

Voss Mållag: 63 nye

Oslo Mållag: 57 nye

Bergen Mållag: 34 nye

Osterøy Mållag: 30 nye

Stavanger Mållag: 22 nye

Størst vekst (%):

Nesna Mållag: 81,3 %

Lofoten og Vesterålen Mållag: 46,7 %

Osterøy Mållag: 28,9 %

Stranda Mållag: 22,9 %

Mållaget Dag: 22,2 %



MEDLEMSREKORD: Noregs Mållag nådde nye høgder ved nyttår!

Foto: Frida Pernille Mikkelsen

Vidareutdanning i nynorsk som sidemål

I haust går emnet Undervisning i nynorsk som sidemål for andre gong ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal.

– Vidareutdanningsemnet legg særleg vekt på skrivning og skriveidaktikk, for erfaringar tilseier at det særleg er det å lære og motivere elevane til å skrive nynorsk som er utfordrande i norsklærarkvardagen, seier emneansvarleg Kirsti Lunde.

Til grunn for emnet ligg utforskande språkdidaktikk, metodar som tek utgangspunkt i at elevane brukar kunnskapar om sitt eige talemål og andre språk (til dømes bokmål). Studentane får lære korleis dei kan hjelpe elevar til systematisk å utforske og forstå strukturar i talemåla sine og i bokmål samanlikna med nynorsk. I kurset ligg òg eit intensivt nynorsk-kurs tilpassa lærarar. Emnet er heildigitalt og har søknadsfrist 15. april.

Doblar tilskota til skulebibliotek

Frå 28. januar kan kommunar søkje Utdanningsdirektoratet om midlar til skulebibliotek. Regjeringa har meir enn dubla potten, frå 50 til 103,2 millionar kroner.

– Dette er eit ledd i eit stort nasjonalt leseløft som regjeringa har tatt initiativ til. Vi vil dei neste fire åra prioritere minst ein milliard kroner ekstra samanlikna med i 2025 for å betre leseferdigheiter og leselysta til elevane våre. Målet vårt er klart: Norske barn og unge skal bli blant dei beste lesarane i verda, seier kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun.

Midlane skal gå til personaltressursar eller utvikling av kompetanse, for å styrke skulane sin pedagogiske bruk av biblioteka. Nytt av året er at det òg vil vere mogleg for kommunane å søkje om tilskot til å kjøpe inn bøker.

– Gode skulebibliotek er avgjerande for å styrke leseferdigheitene og leselysta til barn og unge. Når elevane får tilgang til eit bemanna skulebibliotek, med varierte bøker, legg vi grunnlaget for både læring, kritisk tenking og livslang leseglede. Så er det viktig å understreke at tilskotet skal komme i tillegg til det kommunane sjølv bruker på bøker og utstyr til skulebibliotek, seier kunnskapsministeren.

Søknadsfristen er 16. mars.

Bruk Norsk Barneblad og

– Me fer til skulane og gjev dei klassesett med **Norsk Barneblad** kvar månad. Det krev litt arbeid, men gjev veldig mykje att. Dette bør mange lag prøve, ikkje minst lokallag i bokmålsområde!

INGAR ARNØY

ingar.arnoy@nm.no

Lokallaga i Noregs Mållag har i mange tiår gjeve Norsk Barneblad i gåve til skular i kommunen sin. Det har sikkert ymsa kor mykje skulane brukar bladet i opplæringa, men etter at Barnebladet starta eit samarbeid med Nynorskcenteret er dette vorte endå meir aktuelt – og viktig. Til kvart nummer av Barnebladet lagar Nynorskcenteret ei lærarrettileiing til ein eller fleire artiklar i bladet. Dermed blir det lett for lærarar å bruke bladet i undervisninga.

Gjev mykje att

Lunde Mållag gjev bladet til tre skular.

– Me køyrer til skulane kvar månad og deler ut bladet beint til klassane. På denne måten får me snakka med lærarane om bruken av bladet, og kan hende også kveikt lærarane til å bruke bladet i undervisninga, seier Kristian Ihle Hanto, leiar i Lunde Mållag.

– Me har også ei økt med elevane der me presenterer siste nummeret. Me plar òg ha ei forteljing til elevane. Det kan vere om nynorsk, om Aasen, Vinje eller nokon av dei andre viktige målreisarane, om teaterslaget i 1913 – og me les eit stykke god poesi

eller prosa, kanskje eit eventyr på nynorsk. Elevane likar denne økta svært godt og det er kjekt for oss med, seier Hanto.

På spørsmål om han tykkjer fleire lag bør prøve dette, å fare beint til skulane og dele ut bladet, svarar Hanto eit kraftig ja:

– Det krev litt arbeid, men gjev veldig mykje att. Og det er like viktig i bokmålsområde som i nynorsk område, no når alle skal lære begge språka frå 1. klasse. Språk og særleg skriftspråk er mykje godt eit spørsmål om vane, og dess tidlegare bokmålelevane møter og brukar nynorsk, dess betre blir dei vane med nynorsk, seier Hanto.

Aktivitetshefte, Inn og Maria Parr

Attåt utdeling av Norsk Barneblad til skuleklassar er det mange lag som (også) deler ut heftet *Aktivitetar*. Heftet blir laga av Ulstein Mållag og inneheld kryssord, teikneoppgåver, quiz, rebus og mykje meir. Mellom anna Jæren Mållag har delt ut heftet til alle 4. klassingar i Time og Klepp.

I fjor haust laga Ulstein Mållag eit nytt hefte dei kalla *Inn*. Det inneheld m.a. eit stykke av Maria Parr, skrive særskilt for dette heftet (stykket heiter Berre ein katt og det er framleis Oscar og eg). Over tjuge lokallag over heile landet tinga bladet og har spreidd det til tusenvis av elevar, seier Olsen.

Eitt av desse laga er Stranda Mållag på Sunnmøre. I desember i fjor tok laget turen til Ringstad skule og gav heftet til 4. og 5. klasse på skulen. – Elevane på skulen er fole flinke til å lese, men så ville me stimulere litt ekstra og ha eit hefte til kvar elev, seier leiar i laget, Anders Folkestad og styremedlem Martine Rørstad Sand. Etter at me delte ut hefta, samla elevane seg i flokkar og bladde gjennom heftet. Til lokalavisa Nyss gav elevane denne domen: – Det ser spennande ut, og me elsker at det er teikneserie i det. Me kjem garantert til å lese heile, og så gler me oss til å løyse kryssord og teikne, slår elevane fast.

Enklare kvardag

– Dette er ein enkel og fin måte å kome i prat med lærarar og elevar på, seier Folkestad. Skulane blir glade for å få gratis tilfang, og ikkje minst er elevane glade for at det er eit fysisk hefte. Det skal ikkje så mykje til å kome i kontakt med skulane, og det er svært viktig for oss slik at me får høyre om og lære korleis kvardagen deira er. Og kan hende kan me hjelpe til med å gjere kvardagen enklare for elevane og lærarane, seier Folkestad.

– Det har vore ei glede å lage *Inn* i samarbeid med så flinke forfattarar og illustratørar. Me er



I KLASSEROMMET: Anders Folkestad deler ut bladet *Inn* på Ringstad skule. Foto: Rita Løseth

veldig nøgde med bladet, som også inneheld kryssord, teikneseriar, aktivitetar og lesetips, seier Arild Torvund Olsen, leiar i Ulstein Mållag.


– Og fleire lag må gjerne tinge heftet frå oss. Det kostar 20 per hefte og er ei god og billig investering for å styrkje nynorsk i skulen, seier Olsen.

Heftet kan tingast med å skrive til Ulstein Mållag på arild@hufsa.net.

– Språk og særleg skriftspråk er mykje godt eit spørsmål om vane, og dess tidlegare bokmålelevane møter og brukar nynorsk, dess betre blir dei vane med nynorsk

Kristian Ihle Hanto,
leiar i Lunde Mållag

g Inn i undervisninga!



■ kringkastingsringen



AKSEL TORSNES MEHLUM
dagleg leiar i kringkastingsringen

Stå imot bakstreversk nynorsk-nekt!

■ Nyleg kunne vi lese at Finansavisen avviste eit oppfølgingsinnlegg i ei pågåande nyheitssak. Grunnen? Innlegget var på nynorsk!

■ Innleggsskrivar Lars Mamen, dagleg leiar i Fair Play Bygg, vart seinare intervjuet av fagbladet Journalisten. Her fortel han om debattredaktøren i Finansavisen som seier at avisa berre publiserer tekstar på moderat bokmål eller riksmål. Når Journalisten spør kvifor, har ikkje avisa anna grunngeving enn at «det er ei haldning vi har hatt lenge».

■ Mamen kallar ein slik politikk både gammaldags og bakstreversk. Det er det lett å seie seg samd i. Mange har kanskje trudd at nynorsk-nekt var eit tilbakelagt stadium i Medie-Noreg, men slik er det altså ikkje. Etter at vi omtalte saka på Facebook-sida til Kringkastingsringen, har vi fått signal frå medlemmer om at fleire aviser praktiserer det same. Er innlegget på nynorsk, kjem det rett og slett ikkje på trykk.

■ Lenger har vi – iallfall somme stader – altså ikkje komme i eit samfunn som vi likar å kalle både mangfaldig og tolerant på språkfeltet. Språkløva, som no har rokke å verte fire år gammal, slår fast at bokmål og nynorsk er «likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet» (§ 4). I føremålsparagrafen (§ 1) står det dessutan at lova skal «fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk». Ifølgje Språkrådet inneber dette at «nynorsk som mindretalsspråk skal kunne brukast i heile landet og på alle saksfelt, ikkje berre i det offentlege». Då er det mildt sagt stussleg at eit relevant innlegg i ei aktuell sak vert avvist – med valet av skriftspråk som einaste grunn.

■ Her er det ikkje anna å gjere enn å halde trykket oppe, la nynorskinnlegga fløyne og ikkje la seg tvangskonvertere av bokmålsavisene. Mamen seier det godt sjølv: «Nynorskbrukarar flest bør halde på målet sitt og ikkje la seg kue av bokmålshegemoniet.»

Implementering av «Oddamodellen» – ei av dei viktigaste oppgåvene for Noregs Mållag!

■ Innlegg

På landsmøtet i Noregs Mållag i 2024 slo både leiar Peder Lofnes Hauge og statsråd Oddmund Løkensgard Hoel fast noko sentralt: Lovfestinga av retten nynorskelevane har til å gå i egne klassar på ungdomssteget, er det viktigaste gjennomslaget organisasjonen har hatt sidan 2022.

No må denne retten takast i bruk. På Odda ungdomsskule er det i dag språkdeling i 8. og 9. klasse. Erfaringa vår er tydeleg: Fram til språkdelinga i Odda vart oppheva i 2016, var det svært få elevar som bytte hovudmål då dei byrja på vidaregåande skule. Skal ein nynorskelev verta ein trygg språkbrukar, må vedkomande bli eksponert for nynorsk gjennom heile skuleløpet.

Resultata talar for seg sjølv. I 2015, 2017 og 2018 fekk elevar frå Odda vidaregåande skule Ous-prisen som nokre av dei beste nynorskelevane i landet. Det er verdt å merka seg at alle desse prisvinnarane hadde gått i nynorskklassar på ungdomsskulen. Etter vårt syn må arbeidet med å rulla ut språkdeling på ungdomssteget – «Oddamodellen» – vera ei av dei viktigaste oppgåvene

for Noregs Mållag i åra som kjem.

I tillegg meiner me at 12-åringar er for unge til å stå åleine om valet om å byta hovudmål. Der- som ein elev på ungdomsskulen vurderer å byta skriftspråk, bør dette skje etter søknad og i tett samråd med føresette. Me kan ikkje leggja eit så stort ansvar for nynorsken si framtid på skuldrene til barna åleine.

STYRET I ODDA MÅLLAG



Foto: Tonje Thorstad Kildal

Me Huddast!

Det norske sosiale mediet Hudd, med nær 200 000 brukarar i Skandinavia, er no tilgjengeleg på nynorsk. Leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, ønskjer satsinga velkomen.

– Dette er ein stor dag! Det er viktig for nynorskbrukarane å møte språket sitt på alle område, også på internett. Me veit at mange har venta på Hudd på nynorsk, og eg vil takke Jæren Mållag som har stått på for å få dette til. Eg håpar mange fleire no vil registrere seg på Hudd, seier han.


Hudd har hatt sterk vekst i både Noreg, Sverige og Danmark det siste året. Plattformen er utvikla som eit alternativ til algoritmestyrt sosiale medium, med

fokus på fellesskap, ro og ekte relasjonar.

– Nynorsk har vore etterspurt heilt frå starten. For oss handlar dette ikkje berre om språkval, men om identitet og kultur. Språk bind oss saman, og då skal nynorsken ha sin naturlege plass i Hudd. Difor er me svært glade for endeleg å kunne lansere nynorsk i appen, seier Eigil Arff Tarjem, dagleg leiar i Hudd.

Hudd stadfestar òg at dei ser på moglegheitene for fleire språkversjonar framover, mellom anna grønlandsk (kalaalisut), som ein del av ambisjonen om å vere eit inkluderande nordisk fellesskap.

– Skal me byggje digitale fellesskap i Norden, må me òg ta språkmangfaldet på alvor. Språk er identitet. Språk er kultur, seier Tarjem.



PÅ HOVUDSCENEN 18. APRIL - 27. JUNI

Stø kurs for Noregs Mållag

■ 24.–26. april skipar Noregs Mållag til det 104. landsmøtet sitt på Gardermoen. På landsmøtet er både leiar og nestleiar, fire faste styremedlemmer og fire varaar på val, men valnemnda varslar at det meste vil sjå likt ut i neste periode. Heile styret og tre av varaane tek attval. Den einaste skilnaden frå inneverande

periode er at Synnøve Marie Sætre går ut av rolla som 1. vara. Inn på plassen hennar kjem Karen Mjør, som er nestleiar i Oslo Mållag og tilsett i Oslo Arbeidarparti.

– Kvifor skal ein endre på eit vinnarlag? spør Marit Aakre Tennø, leiar i valnemnda.

– Me har gått fleire rundar, der

me har snakka med fylkesleiarar og med styret sjølv. Organisasjonen er samstemd om at styret fungerer bra slik det er, og styremedlemmene seier sjølve at dei jobbar godt i lag. Det er også mykje kompetanse i det sitjande styret som det er viktig at organisasjonen held på.

Valnemnda er godt nøgd med at styremedlemmene vil halde fram, og ser fram mot tida som kjem.

– Me vonar me kan gå inn i neste periode med dette laget, som me ser på som veldig sterkt, avsluttar valnemndsleiaren.

Valet skjer på siste dag av landsmøtet, søndag 26. april.

Styrekandidatar



Foto: Kristianne Marøy

leiar

Peder Lofnes Hauge (f. 1989) er frå Gloppen og bur i Bergen. Utdanna grunnskulelærer og tidlegare folkevald og tilsett for Venstre. Styremedlem frå 2016, nestleiar frå 2018 og leiar frå 2020. Er allereie den lengstsitjande leiaren i saga til Mållaget.



Foto: Privat

nestleiar

Live Havro Bjørnstad (f. 1986) er frå Voss og bur i Bergen. Bibliotekar på katedralskulen i Bergen. Nestleiar frå 2024.



styremedlem

Kjetil Aasen (f. 1978) er frå Oslo og Fredrikstad. Jurist og språkvitar, tilsett som protokollsekretær i Høgsterett. Styremedlem frå 2020.



Foto: NTNU

styremedlem

Espen Tørset (f. 1979) bur på Fannrem. Lektor ved Orkland videregående skule og sidan 2020 leiar i Trønderlaget. Redaktør for Jul i Trøndelag sidan 2009. Styremedlem frå 2024.



styremedlem

Gunnhild Skjold (f. 1995) er frå Tromsø og utdanna lektor i matematikk. Ho jobbar som fylkessekretær for SV i Finnmark og Troms. Leiar i NMU 2019–2021. Styremedlem frå 2024.



Foto: Natalie Gushchina

styremedlem

Monika Haanes Waagan (f. 1969) er fødd i Narvik og bur i Herøy på Sunnmøre. Driv konsulentbyrået Akka AS og tok initiativ til Nynorsk bedriftsforum der ho no er dagleg leiar. Styremedlem frå 2024.



Foto: Oslo Arbeiderparti

1. vara (fast møtande)

Karen Mjør (f. 1995) er frå Hardanger og bur i Oslo. Utdanna lektor, jobbar som presseansvarleg i Oslo Arbeidarparti. Har vore leiar for Studentersamfundet i Trondhjem og seinare hatt fleire jobbar i politikken. Nestleiar i Oslo Mållag.

varamedlemmer

Tommy Tverdal (f. 1994) frå Odda, **Silje Nathalie Luvåsen** (f. 1993) frå Hedmark og **Jorunn Simonsen Thingnes** (f. 1990) frå Skei i Sunnfjord held fram på dei andre varaplassane.

Heiderspris til Ingar Bøen

Sunnmøre, Nordmøre og Romsdal Mållag har i fellesskap gitt heiderspris til politimeister **Ingar Bøen** for framifrå bruk av nynorsk i tenesta. Bøen, som gjekk av med pensjon ved nyttår, vart feira på Scandic Parken Hotell i Ålesund 27. november, og om lag 70 kollegaer og samarbeidspartnarar var til stades. Dei tre fylkesmållaga nytta då høvet til å overraske han med heidersprisen. Sjølve prisen er ei teikning av Bøen og Ivar Aasen i politiuniform – begge to! Teikninga er utført av den kjende avsteiknaren Roar Hagen.

Frå grunngevinga for prisen saksar vi følgjande: «[Ingar Bøen] skriv alltid nynorsk sjølv. Han oppmodar tilsette i politidistriktet om å bruke nynorsk så ofte dei kan. Han framsnakkar ofte kor viktig det er at all kommunikasjon er på nynorsk. Han oppmodar på ein fin måte andre til å bruke nynorsk, både i politifaget og blant juristane, utan at det blir oppfatta som noko form for press.»

Bryn, brask og bram

Austevoll Mållag heldt eit svært vellukka arrangement 26. oktober i Kongsen kultursal i Bekkjarkvart. Dei fekk besøk av **Ingvild Bryn**, som fortalde om oppveksten på Voss, livet på Dagsrevy-desken, forholdet sitt til nynorsken og anna knask. Ingvild, som er ein habil pianist og songar, møtte lokale musikantar og Austevolls eige Stolmen kyrkjeor. Det vart servert kringle og kaffi til dei framkomte.

– Mållaget står ikkje så sterkt her i Austevoll, og dette var fyrste gong me arrangerte noko slikt, fortel **May Linn Clement** frå lokallaget.

– Me frykta difor folk ville vera skeptiske og halde seg heime, men nei. 162 kjøpte billett! Av dei var berre 13 medlemmer. Uansett kor eg snudde meg i tida etter, skrytte folk over mållaget og arrangementet. Samarbeid mellom lokale krefter og ein tilreisande utøvar er ei oppskrift på suksess! Eg gler meg til neste arrangement, jublar ho.

Feira Nynorsk salmebok storveges

Fredag 14. november vart det i Hoff prestegard feira til gagns at det er 100 år sidan Nynorsk salmebok kom ut. Det var ei feiring storverket verdig, med historisk kåseri, masse salmesong, musikk, helsingar og kake laga særskilt for jubilaranten! **Toten dialekt- og mållag** stod bak salmebokkvelden i lag med **Hoff meinighet**, og presteparet **Eystein Elde** og **Christina Grevbo** opna dørene til storstova i prestegarden og baud på all den gjestfridom som tenkjast kan.

Anders Hovden var ein av dei tre som laga Nynorsk salmebok i åra 1921–25, han var då sokneprest på Østre Toten og budde i Hoff prestegard. Med seg i salmeboknemnda,



MÅLFOLK PÅ TINGET: Åse Kristin Ask Bakke (Ap) er nyvald leiar i Løvebakken Mållag! Frå venstre: Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, stortingsrepresentantane Erling Sande (Sp), Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Stig-Even Lillestøl (FrP), Solveig Vestenfor (Ap) og Harry Valderhaug (KrF).

Foto: Frida Pernille Mikkelsen.

Nytt styre i Løvebakken Mållag

Åse Kristin Ask Bakke (Ap) er nyvald leiar i Løvebakken Mållag! Noregs Mållag er veldig glade for at dei viktige og travle stortingsfolka samlar seg til eit tverrpolitisk samarbeid gjennom eit lokalt mållag på Stortinget. Løvebakken Mållag har ei lang og

viktig historie i norsk målreising, og no startar neste kapittel!

Dei viktigaste sakene i denne stortingsperioden vert grunnlovsfesting av jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, satsing på sidemål, lærarutdanninga, digitale læringsressursar, og eit løft for

nynorsk kultur. At årsmøtet vart halde på sjølvaste 120-årsdagen til Mållaget, er så klart ekstra stor stas!

I styret får Bakke med seg **Erling Sande** (Sp), **Sofie Marhaug** (R), **Ingrid Fiskaa** (SV), **Siren Jensen** (MDG) og **Stig-Even Lillestøl** (Frp).

som Det Norske Samlaget tok initiativ til, hadde han bispene Bernt Støylen i Kristiansand og Peter Hognestad i Bergen.

Det imponerende salmebogarbeidet dei la ned, i tillegg til krevjande embete å fylla, då dei skapte den nye salmeboka med 711 sjølvdikta og omsette salmar, gjorde historikar **Olaf Nøkleby** godt og levande greie for i passelege porsjonar vekslende med ljomande salmesong, mange kunne salmane utanboks.

Organist **Eva Robert Brodacki** spela til salmane og spela dessutan eit par instrumentalstykke, og **Evald Kvem** song ei Hovden-salme, «Eit ord», som var tonesett av **Anna Alm** frå Toten.

Fleire frå Hovden-slekta var til stades, m.a. oldebarnet **Øystein Hovden**, som takka for tilskipinga på vegner av slekta. Der var også eit halvt år gammalt tipp-tipp-oldebarn med namnet Øystein til stades. Eine sonen til Anders Hovden og kona heitte Øystein, og vart også prest. Fleire av slektningane og bra mange andre hadde reist lange vegar til samlinga. Alt folket fylte meir enn storstova, også med song.

Og både Hovden si eiga salmebok frå 1927, med hans notat i, og fyrsteutgåva frå 1925 vart viste fram.

ALV REIDAR DALE

Nynorsk-dagane i Alver

For sjuande året på rad vart nynorsk-dagane i Alver feira. År for år har dagane vakse, og målsettinga Å feira nynorsken er nådd med glans. I år i heile ti dagar til endes, 19.–28. oktober. Ikkje berre kommunen, ikkje berre biblioteket, ikkje berre mållaga har hatt ulike arrangement. Her snakkar me om ungdomsklubbar, bygdelag, fleire kor og revyar som har vore kreative og brukt sitt eige lokallag og sine særtekk til å laga spennande, lærerike, morosame, festlege og kvalitetsmessig gode tilskipingar. Her bidreg både professorar, bispene i Bjørgvin, kunstnarar, forfattarar og artistar, flinke lagsbyggjarar i ulike lag, glade amatørar og dugande kommunalt tilsette. Nynorsk salmebok vart også høgtideleg markert, slik det

høver seg når det er 100-års jubileum. Bygdefolk, politikarar og tilsette i kommunen har støtta godt opp om alle dei 31 tilskipingane. Dette er ein folkeleg festival med massiv dugnadsinnsats, flotte kommunale tilskipingar og god og sikker koordinering frå kommunen.

INGER HELEN MIDTGÅRD

Tradisjonsrik songkveld på Leknes

Fastelavnskvelden 15. februar skipa **Alversund mållag** til den 20. utgåva av songkvelden «Håtta du?» i Storstova på Leknes i Nordhordland. Det var òg 70 år sidan Alversund mållag vart skipa. Dei framkomte song frå songboka til far og son Lars Soraas, som kom i 1929 og vart eit standardverk i nynorskopplæringa i mange tiår.

– Det er helsefremjande å synga i lag, seier **Inger Helen Midtgård** og **Kristin Rongevær**, som leia dei mange framkomte gjennom kvelden.

– Få forfattarskap held seg betre enn Garborg sitt

Til feiringa av 175-årsdagen sette **Garborg-dagar** ny publikumsrekord.

■ Sidan 2011 har Garborgsenteret på Bryne skipa til festival i veka rundt fødselsdagen til Arne Garborg, 25. januar. I år vart tilskipinga større enn nokon gong, i høve 175-årsdagen til mannen både denne avisa og norskdomsrørsla som heilskap skuldar ei djup gjeld. Festivalen varte i ni dagar og sette ny publikumsrekord med 2304 gjester fordelt på 21 opne publikumsarrangement og ni arrangement for skular og barnehagar.

– Programmet hadde ekstra stor spennvidde i år, seier avde-

lingsdirektør på Garborgsenteret, Inger Undheim.

– Me vil gjerne nå ut ikkje berre til dei som er med i Garborgs fanklubb allereie, og håper at me kan inspirera publikum til å verta betre kjende med både Hulda og Arne Garborgs litteratur og virke. Fleire av arrangementa under Garborgdagar tok opp høgst aktuelle tema, blant anna tilhøva for språk, demokrati, klima og menneske i dagens samfunn.

Festkveld og jærsk uttrykk

Mykje av festivalen gjekk føre seg rundt om i lokale på Bryne, og eitt arrangement fann stad i Stavanger som del av konsertserien Gorrlaus. Høgdepunktet var ein utseld festkveld i Storstova kulturhus på åremålsdagen.

– Folk vart inviterte til å dela sitt jærsk favorittuttrykk, og

dette skapte stort engasjement. Det kom inn nærare 500 bidrag under festkvelden, og 100 via Facebook-gruppa «Jærsk ord og uttrykk» på førehand, seier Undheim.

Ser framover

I si tid var det Time (no Jæren) Mållag på lag med kommune og fylkeskommune som tok initiativ til senteret. Det deler bygning med Time bibliotek på Bryne, og er drifta av Jærmuseet. Senteret nærmar seg no 15 år i drift, og formidlinga av nynorsk språk og litteratur står sentralt i arbeidet deira.

– Som verkemiddel i kampen for nynorsk sørga Arne Garborg sjølv for å nytta språket i alle tenkelege sjangrar og kanalar, i bøkene han skreiv, i avisene han var redaktør og skribent i, og han omsette verdslitteratur til

nynorsk. Denne språkpolitikken er det ekstra viktig både å kjempa for, og halda fram med, i ei tid der KI- og digitalrevolusjonen pregar samfunnet. 150 år etter at Garborg sjølv starta å skriva på landsmål, nyttar ein halv million nynorsk i det daglege, trass i press frå bokmål og engelsk, forsterka av teknologifisering, språkrøbotar og slapp språkpolitikk. Så lenge nynorsken får sleppa til, er potensialet for vekst stort, seier Undheim.

Og korleis står forfattarskapet seg i 2026?

– Med tanke på kvalitet og aktualitet er det få forfattarskap i litteraturhistoria som held seg betre enn Garborg sitt. Samfunnsengasjementet hans var brennande og heitt, og det er forbløffande kor aktuell han framleis kjennest, slår Undheim fast.

9. mars 1887: Motblikket frå Harriet og Hulda

■ Dags dato, 9. mars 1887, med ei indre uro som har bygd seg opp gjennom vinteren, skriv Arne Garborg til si nære ven, målarer Harriet Backer, som oppheld seg i kunstnarbyen Paris. Ho bur i Rue de l'Université og er midt i det europeiske kunstlivet. Han sit i Kristiania; mellom litterær strid, personleg tvil og eit liv som snart skal ta ei ny vending; same året skal han gifte seg med si Hulda og han skal bli far til Tuften. Bak Arne ligg romanar som *Bondestudentar* og *Mannfolk*, framfor han ligg ei omforming i liv og litteratur.

Brevet til Harriet er langt og sjølvransakande. Han opnar med ei forsinka orsaking: «Hvis jeg ikke har takket for Dit Brev før, saa gjør jeg det herved.» Harriet har skrive til han om hans nye roman *Mannfolk*, og er kritisk til kvinnesynet. Og han tek det inn: «Din venlige Kritik støttede mig godt, kan Du tro, i min Fortvivlelse.» Arne kjenner at han ikkje har lukkast: «Det var snilt af Dig at sige mig det – jeg vidste før for, at Du havde Dine smaa Reservationer m.h.t. Julie Lindner.» Arne veit noko ikkje stemmer i romanen – og han veit at Harriet, som kunstnar og skarp lesar, ser det. Tre år seinare kjem *Hjå ho mor*. Offisielt står berre Arnes namn på tittelbladet. Men romanen er i realiteten eit samarbeid med Hulda, eit litterært fellesskap som seinare har vorte tydelegare synleg i forskinga. I lys av brevet frå



I KOLBOTNSTOVA Arne og Hulda måla av Harriet Backer, året etter brevet i 1888.

1887 kan ein lese dette samarbeidet som meir enn tilfeldig. Kanskje trong han nett Harriets og Huldas motblikk, den kritiske samtala, for å finne ein ny retning, for å skriva romanar som *Fred og Trætte Mænd*.

Her, ein tidleg vårdag for nesten 150 år sidan, møter vi Arne Garborg i ei overgang. Ein forfattar som alt er

sentral i norsk litteratur, men som framleis står i kamp med seg sjølv. Han tek kritikk frå dei han stolar på på alvor. Han lovar seg sjølv eit meisterverk. Og nett i viljen til å lese om att, til å erkjenne feil, til å skjerpe blikket – ligg kanskje det som gjer forfattarskapen levande?

BIRGITTE KLEIVSET

Birgitte Kleivset er forfattar og bibliotekar, og bur i Kristiansand. Gjennom jubileumsåret skriv ho kvar dag ei oppdatering frå livet til Arne Garborg på facebook.com/aadnegarborg. Tidlegare har ho laga liknande prosjekt om m.a. Hulda Garborg og Camilla Collett.

Arne Garborg

175 år

I 1920 var det ekstra spenning i Noreg rundt tildelinga av **Nobelprisen i litteratur**. Avisene hadde bygd opp til tvikamp mellom Knut Hamsun og Arne Garborg sidan 1919. Først i 1920 kom duellen dei forventet. Norske aviser trykte det eine innlegget etter dei andre. Kven var den største forfattaren?

■ Kandidatane fekk det sjølv sagt med seg. Hamsun sende eit brev til vennen som hadde nominert han, og skreiv at han håpa han slapp å dela prisen med ein nynorskforfattar.

Dokumenta til Akademien viser at dei diskuterte å dela prisen mellom dei. Til slutt kunngjorde dei at vinnaren heitte Knut Hamsun.

I dag verkar det merkeleg, men det var lite jubel i Noreg. Feil nordmann hadde vunne.

I staden for å snakka Hamsun ned, bestemte mange seg for å løfta Garborg opp. Han skulle fylla 70 år 25. januar 1921, og blant dei som oppfordra til ei folkegåve på bursdagen hans var den sittande og dei tre føregåande statsministrane. Men Noregs Ungdomslag fekk ein ny idé: Dei ville samla inn til «Folkets nobelpris». Nokre veker seinare overrekte dei Arne Garborg 104 000 kroner, nesten tre millionar i dagens kroneverdi. Mellom givarane var menneske frå alle samfunnslag i heile landet, også bokmålsbrukarar. I tillegg fekk han ein hest og ein medalje.

Prismottakaren var sjuk på bursdagen sin, men kom seg opp av senga i to timar. Avisene rapporterte at han var rørt då han mottok prisen heime på Labråten i Asker. Seinare skreiv han at det å få folkets pris var større enn å vinna den offisielle prisen.

Tre år seinare, 14. januar 1924, døydde Arne Garborg av lungebetennelse. Då nyhenda kom, avbraut stortingspresidenten debatten i Stortinget. Frå talarstolen kunngjorde han at ein av landets største søner var gått bort. Eit einstemmig storting gjekk inn for gravferd på statens kost-

nad, den einaste diktaren som blei vist ei slik ære i ein periode på førti år. Men Stortinget hadde også sine krav. Garborg tilhørte folket, ikkje familien. Kona Hulda og sonen Tuften blei overkøyrde i planlegginga. Stortinget valde hovudstadens største kyrkje for å seia farvel til ein mann som hadde meldt seg ut av statskyrkja. Kongen, alle stortingsrepresentantane og alle statsrådene møtte opp.

Seks målungdommar førte kista frå Asker til Oslo i iskaldt januarregn.

Garborg blei kremert, og familien fekk løyve frå regjeringa til å setta urna i haug utanfor skrivestova Knudshaio på Jæren, der diktaren hadde utsikt til barnomsheimen på Garborg.

Dei første fire dagane etter dødsfallet trykte norske aviser over 120 nekrologar, dei aller fleste unike. Kvar vesle lokalavis hadde eit redaksjonsmedlem som kjende Garborgs bibliografi og betyding. Hyllesta var unison, men handla om meir enn litteratur. Ho uttrykte takksemd for kampen Garborg så utrøyttelig hadde ført for det norske folket: for nasjonalt og personleg sjølvstende, for fridom til å meina og tru, til å røysta og uttala deg, til å lesa eit språk du forstod, skriva på det språket som var enklast for deg, til å bli kva du ville, gifta deg med den du elska, elska sjølv om du ikkje var gift. Me må nesten leggja til på Garborg sine vegner: fridom til å gå med holete tresko og ei fillete skygelue om du likte desse best.

Folket visste kva han hadde gått gjennom, eller iallfall noko av det. Arne Garborg valde fattigdom fleire gonger.

Først då han sa frå seg odelen for å bli forfattar. Nest då han selde Lærer-Standens Avis for å «studerer eller døy». Tredje gongen då han takka nei til jobb på slottet for å vera fri til å kritisera kongen. Fjerde gongen då han valde å skriva eit språk som nesten ikkje hadde lesarar.

Heldigvis for det norske folket var såpe og sko utan hol ein liten pris å betala for Garborg.

Frå si første bok viste han at målet med bøkene slett ikkje var estetikk. Det var etikk. Då han kalla sin første roman «Ein fritenkjar» visste han det var ein tittel med sprengkraft. Prestane på Stortinget skulle bruka den mot han i fleire tiår. «Bondestudentar» sette fokus på kor latterleg vanskeleg tilveret blei for bondungar som ville noko anna enn å arbeida på jordet. «Mannfolk» diskuterte ekteskapsinstitusjonen og tirra stortingsrepresentantane så dei sparka han frå stillinga i statsrevisjonen. «Kolbotnbrev» fortalte historia om kjærastane Arne og Hulda som blei mobba frå hovudstaden for sine moderne meiningar og livsstil. Garborg møtte panikkangst i kjølvatnet av hetsen og sleit med depresjon i over eit tiår. «Trette menn» diskuterte framskrittet og moralske og sosiale teoriar. «Hjå ho mor» fortalte om kor vanskeleg det var å veksa opp som kvinne utan rettar. Denne boka, lite lesen i dag, blei hans store internasjonale gjennombrut. Garborg var ein viktig europeisk forfattar i ei tid då forfattarane var både vitenskapsfolk og kunstnarar, sjåarar og geni, var berømte og sette dagsorden. Garborg fekk æra for å ha innført naturalismen til Tyskland, og tyske forfattarar reiste til Nord-Østerdalen for å møta den

norske meisteren. «Fred» viste kor gale det kunne gå for religiøse fanatikarar, og den psykologiske innsikta låg langt føre forskinga ein kjende til i Noreg. Garborg sine bøker var bindeledd mellom





menneske sin natur og jakta på ein betre samfunnsorden. Han blei lesen av stortingspolitikarane, diskutert på partimøta og utskjelt frå open talarstol. Men lite sjokkerte som «Haugtussa».

Tenk: lyrisk og ordna frå forfattaren som vanlegvis var ein opprørar og kranglefant, bohem og avantgarde. Men såg ein nærmare etter, var også «Haugtussa» samfunnskritisk og nyskapande. Ho

blei kåra til hundreårets norske diktverk og gjorde Veslemøy til eit offisielt jentenamn.

Ja, kvar ei av hans tretti bøker hans var nyskapande på eit vis. I denne samanhengen er det freistande å nemna at han som 26-åring skreiv boka «Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse». Her fekk me ordet «nynorsk», og han stod fram som landsmålets førar, ein posisjon han skulle ha i nesten femti år. Boka er skarp og morosam, sjølv om talentet for fengande titlar ennå ikkje var utvikla.

Då han overtok stafettpinnen etter Aasen og Vinje var målet eit hjelpelaust, lite barn. Då han døydde målte det krefter med bokmål.

Garborg grunnla fleire store aviser og skreiv over 2200 avisartiklar. Mange kjende han meir som «bladmann» enn «bokmann». I år etter år hamra han laus på alle med makt. Serios eller alvorleg, sakleg eller usakleg, ironisk eller hysterisk morosam. Virtuosen Garborg varierte stilen etter publikum, men grov alltid djupare enn sine motstandarar.

Framfor han i heimen, over skrivebordet der han sat dag og natt, hang eit portrett av Ivar Aasen. I bakhovudet hadde Garborg eit minne frå omgangsskulen: Læraren var sjuk og faren Eivind vikar. Sidan skulen fann stad i hans eige hus, meinte Eivind Garborg at han kunne snakka som han ville. Slik fekk ungane undervising på sin eigen dialekt i staden for dansk. Som vaksen vurderte Garborg faren som den beste læraren han nokon gong hadde. Å, så mykje lettare det var å læra på sitt eige språk!

Samman med ein generasjon kunstnarar og intellektuelle bidrog Garborg til å gjera det norske samfunnet moderne. I kampen for nasjonalt og personleg sjølvstende stod han fram som den flittigaste og skarpest retorikaren. Han var overalt i år etter år. I bøker, aviser og på foredragsreiser kjempa han for rettferd, likeverd og menneskerettar. Han gav bøndene sjølvttillit og forsvarte dei svake. Det verste han visste var rike som trudde fattige hadde skuld i si eiga naud. Heimen Labråten, der han budde med Hulda, «bunadens mor», blei kalla «Målkroken» og var eit politisk og kulturelt tyngdepunkt både før og etter 1905.

Arne Garborg gjekk frå å vera «Noregs farlegaste» og mest utskjelte mann på 1880-talet til å bli den unge nasjonen sin yndling etter unionsoppløysinga. Kva skjedde? Han var nå ein gammal mann, og den beste skjønnlitteraturen låg bak han. Og kvifor kjem det overraskande

på oss i dag at Garborg var så stor mens han levde? Kva skjedde med minnet om han?

Me komprimerer historia for å forenkla formidlinga. Skal me hugsa historiske personar må me putta dei i båsar. I samtida var merkelappen «forfattar» det gjevaste du kunne vera, og Garborg blei først og fremst hugsa og nemnt som det. I dag er det ikkje tittelen like gjev, og me kan koma til å samanlikna forfattarar på tvers av tidsepokar. Det er nesten eit lovbrøt.

Garborg er ikkje berre «forfattar» lenger heller. Han er «nynorskforfattar». Slik kan me koma til å tru at han berre betydde noko for ein boklesande minoritet. Og me gir norsklærarane, forfattarane sitt siste kollektive minne, høve til å hoppa bukk over mannen som kanskje mest av alt høyrer heime i historiefaget eller i samfunnskunnskap. Det handla jo om etikk, ikkje estetikk; men så talentfull var Garborg at han likevel skreiv litteratur av verdsformat.

Han var fritenkjar, sosialist, anarkist, kristenliberalar og georgist. Han passsar ikkje inn i politiske båsar, han var først og fremst vår største eksistensialist. Garborg var oppteken av mennesket, av kulturen, samfunnet, staten og livssynet. Det sentrale var metoden: Han var aldri redd for å skifta mening. Han vann alle skriftlege diskusjonar, men skifta mening likevel om det gjekk opp for han at han kunne ha tenkt djupare, breiare, meir presist. Som den diktarfilosofen han var, uttrykte han det poetisk:

«Tanken gjev uro, tanken gjev sut; endå må du tenkja dine tankar ut.» (Dagbok, 1925)

«Å, heller vil eg med augo sjå, enn dauv og blind gjennom verda gå og ikkje det sanne skilja.» (Haugtussa, 1895)

Innimellom blei han kalla «den femte store», men han blei også kalla «den største». Både nekrologar og biografier løfta han opp som ein av dei tre største nordmennene på 1800-talet. Ikkje som forfattar, men som menneske. Dei sa «Wergeland, Bjørnson og Garborg». At alle desse var forfattarar seier mest om medierøynda på den tida: Ville du bety noko måtte du skriva – og du burde skriva godt. Litteraturen tiltrekte seg dei største tenkarane og mest ambisiøse samfunnsreformatorane.

Ingen av desse hadde formell makt, men dei brukte sine talent til å endra folkets mentalitet.

Så eg trur «Wergeland, Bjørnson og Garborg» må vera rette båsen for Garborg. Sjølv om han måtte bli 175 år før me fann tilbake til den.

ØRJAN ZAZZERA JOHANSEN
Garborgsenteret

«Hadde berre kvassaste jula vore over!»

■ Desse orda fall i ei samtale mellom Tor Jonsson og Halldis Moren Vesaas ei veke før jul i 1950. Jonsson kvidde seg til jula, trass i at det ikkje stod på invitasjonar frå slekt og vener. Livet åtte store bølgedalar for den 34 år gamle dikteren frå Lom, særskilt det siste året han levde. Orda hans hadde endeleg fått store vingar, og den alltid slunkne pengeboka byrja å fylle seg. Sumaren før denne siste jula mista Tor eitt av dei sterkaste banda han hadde til bygda – *om ikkje livet* – mora, Torø. Han flytta til Oslo, og det nye livet utan bygdedyr og opplevde sosiale stengsler skulle byrje. Men, som me veit, så endte det nett då det skulle byrje for fullt.

14. januar i år er det 75 år sidan Tor Jonsson gjekk bort, etter å ha teke sitt eige liv i ein periode med depresjon, sterk lukke og sterk ulukke.

Draginga mot dauden

Gripande dødsmotiv og draging mot dauden ligg klårt i dagen i Tor si diktverd. Biograf Ingar Sletten Kolloen får fram at oppveksten hans var prega av mytiske og konkrete sjølv mord i bygda han vaks opp i. Ei rekkje sjølv mord hendte medan Tor var ein framveksting, og dette opptok han. Bygdedyret skulda på kjærleikssorg og livsvonbrot som årsakar til desse tragediane, det same dyret ville ha det til at far hans fekk same endelikt som Tor sjølv seinare fekk.

Utanforskap

Ber ein på tunge hendingar og tankar, er det ei ekstra last å bli ståande utanfor. Utanfor eit fellesskap som kunne gjeve forståing, trøyst og hjelp. Tor både vart og stilte seg tidleg utanfor, i skulegården og leiken. Inne i klasserommet fann han derimot noko som fengde han, ein stad han kunne utfalde seg. Han vart sett av lærarar og intellektuelle i heimbygda og freista lyfta fram av dei og deira kontaktnett. Tor ville greie seg sjølv, og tok ikkje imot den skulegangen og hjelpa han kunne fått. Utanforskapet kan kjennast både trygt og utrygt å vera i –

Dikt for urolege tider

Diktaren me minnest no 75 år etter vaks opp i ei etterkrigstid, som vart ei mellomkrigstid. Han vart vaksen og publisert forfattar under og etter andre verdskrigen, og tok kraftige oppgjør med haldningar og handlingar under krig, som kunne føre til nye krigar.

Pasifisten Tor Jonsson drog troll ut i sola, hardt og nådeløst. Slik skapte han seg nok ikkje berre

Tor Jonsson (1916–1951)

■ var diktar og journalist frå Lom som debuterte med *Mogning i mørkret* i 1943. Han gav ut prosastykke, eit skodespel og til saman fire diktsamlingar, med posthume *Ei dagbok for mitt hjarte* som den siste. Diktinga hans balanserer mellom livsvilje og dødsdram i drakampen mellom kollektivet og lausrivinga frå tradisjonane.

Kjelde: *Nynorsk litteraturhistorie*, Jan Inge Sørbo. Samlaget 2018.

vener, særskilt i dei bygdesamfunna han kritiserte hardast. Både i Gudbrands- og Hallingdalen gjekk han som journalist («bladfyk») og skribent rett i strupen til det etablerte, både vedtekne «sanningar» og det han oppfatta som

herskande folk. Dette likte han godt. Han kunne gjerne stå utanfor det gode selskap.

I diktinga syner han meir tvisyn enn i avisspaltene. Jonsson slår oss ned og byggjer oss opp med elegante, få liner i diktet «Ordet». Han kastar oss ut i både vonløysa og i vona. Desse to går hand i hand, det er når dei skil lag det blir verkeleg farleg. Tvisynet treng me i dei tidene me lever i no òg. Mykje ikring oss er farleg nære å gå gale, men mykje går trass alt godt òg. I forfattarskapet til Tor finn me både uro og bodskap som kan kveike oss til strid for det medmenneskelege.

Venskap og framtid

Tor tok sitt eige liv då framtida som forfattar såg mest lysande ut. Tor hadde mange vener, bygdefolket trudde ikkje sine eigne augo da dei såg mengdene av folk som kom frå land og strand rundt på gravferda. Likevel gjekk det som

det gjekk. Me vil alltid spørje oss kvifor, sjølv om mykje av hans indre liv kan anast gjennom det han etterlet seg av skrivne ord, samtaler og menneskemøte. Det vil likevel vera berre fragment og ulike versjonar av eit – for oss – fascinerande, skrivande menneske. Ingen sjølv mord er forståeleg, heller ikkje Tor Jonsson sitt.

Søk hjelp

Ei oppmøding til deg som kjenner deg for godt att i Tor Jonsson: Søk hjelp, der du har lettast for å finne det. Kommunar har psykisk helsetenestetilbod ein kan kontakte, direkte eller via fastlege. Mental Helse har døgnopen telefon på 116 123, og er det tøft å *prate*, finst chattenesta *sidetmedord.no*, for deg som lettare skriv om det som plagar deg. Det viktigaste er at du deler byrda du ber på med nokon, ikkje korleis.

ATLE BRANDSAR
leiar i Tor Jonsson-laget



SJØLVPORTRETT: Tor Jonsson slik han teikna seg sjølv i 1948.

Med **Hartmut Rosa**
i sekken drog eg til
litteraturen for å finne
stilla i alt ståket.



Gjenklang kring eit pilkehol

TEKST OG FOTO:
JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Året starta brått. Både her heime og der ute sette det evige køyret av nyhende, debattar, kulturprodukt og *hendingar* inn endå eit gir; i Venezuela og Iran, i Washington og Brussel, på sosiale medium og i Oslo tinghus.

Ein ettermiddag i januar tek eg ein stappfull trikk frå skivarstova i Dronningens gate, hoppar av i ein sverm av studentar på Tullinløkka og traskar gjennom kulda

over St. Olavs plass. Eg er på veg til Nordahl Bruns gate der Nynorsk bokhandel ligg, framleis ny, men ikkje for å handle. I eit drygt år no har ein liten skare samla seg i butikken ein gong i månaden, med mål om å lesa seg gjennom Europa – land for land, bok for bok. USA slår handa av oss, heiter det i invitasjonen, og Europa vert viktigare. Korleis kan ein koma nærare brør og systrer på kontinentet? Korleis kan ein best forstå kva som rører seg?

Me byrjar fyrst når alle har fått summa seg, eit par minutt

over tida. Her har ingen hastverk. Denne månaden stoggar lese-sirkelen i Ukraina. Valt ut som representant er eit dystopisk augneblinksbilete frå okkupasjonen av Donbas, *Internatet* av Serhij Zjadan. Blant dei elleve frammøtte er det ikkje alle som har lese boka like grundig, men me har alle sett av tida til å tenkje over spørsmåla ho stiller: Korleis skal ein (og må ein?) velja side i ein kompleks krig? Kva skal ein meine utan nok informasjon? Kva kan ein lære av litteraturen som ein ikkje får auge på i media?

Det er Marit Aakre Tennø og Sigrd Sørungård Botheim som skipar til lesesirkelen i Nynorsk bokhandel, men rundt bordet er det låg terskel og høg himmel; alle får me delta med det me vil. Bøkene får følgje av mat og drikke frå det gjeldande landet, denne gongen både kake, kjeks, vin og ølflasker frå Lviv. Undervegs i samtala vår stoggar folk stundom utanfor glaset, lurande på kva dei driv med der inne, under det ein-same ljuset i den mørke gata.

✱

Den same veka har eg lese meg opp på sosiologen Hartmut Rosa, som nyleg har fått eit slags gjen-nombrot her til lands, med fleire omsetjingar og fulle hus i Oslo og Stavanger dei siste åra. Frå før er han blant dei mest kjende akademikarane i Tyskland.

Til Rosas namn knyter ein sær-leg to omgrep: *akselerasjon* og *resonans*. Akselerasjon er samfunnsdi-agnosen hans oppsummert i eitt ord. For Rosa er akselerasjon eit grunnleggjande trekk ved moder-niteten. Ein ser det klårast i tek-nologien, der transport, kommu-nikasjon og produksjon skjer i eit stadig høgare tempo, og ein er blitt van med å rekne to–tre år gamle apparat som avleggs.

Men akselerasjonen føregår også på fleire område. Sosiale endringar som tidlegare hende med fleire ætteledds avstand, kan no skje fleire gonger i løpet av eit einskild liv. I det gamle bon-desamfunnet var det vanleg å bli buande på same staden i mange generasjonar, medan det store

hamskiftet og pengeøkonomien gjorde det vanleg at familiestruk-turen berre varte i ein generasjon. I våre dagar, derimot, har det sosi-ale livet akselerert til eit punkt der det er vanleg med fleire sosiale liv innanfor same livsløp, noko ein kan sjå på til dømes flyttmønster, jobbskifte og skilsmissetal.

Eit tredje akselerasjonsnivå finn ein i sjølve livsrytmen, den effekten som skapar *tidsklemma*, der tida paradoksalt nok er stadig knappare sjølv om teknologien skulle ha frigjort så mykje ny fri-dom. I staden for overflod av tid kjem overflod av oppgåver – opp-gåver ein gjerne brukar kortare og kortare tid på.

Som botemiddel mot akselera-sjonssamfunnet føreslår Rosa *resonansen*. Den kjem eg attende til.

*

Nokre dagar seinare er eg på veg gjennom Oslo S for å rekke eit tog. Forbi meg halsar ein mann i ein stor, flagrande frakk, og framfor

meg, etter å ha pressa seg forbi nokre titals folk, går han på trynet i rulletrappa. Eg humrar når eg tenkjer på at nettopp rulletrappa er ein av dei sentrale metaforane til Hartmut Rosa. Me står alle i ei rulletrapp og vil opp, men trinna rullar i veg nedover. For å halde oss på same staden, må me halde farta oppe, og vil me opp, må me akselerere. Han kallar det *dyna-misk stabilisering*, dette grunn-draget i det moderne samfunnet som føreset auke, forbedring og akselerasjon for å halde status quo ved like. Ein kjenner tanken att frå kritikken av kapitalismens evig-varande krav om vekst, men Rosa meiner at han rammar heile sam-funnet, og på mest alle livsområde.

*

Dagen etter går eg ut på eit islagt vatn i Landsmarka, like sør for Lunde i Telemark. Rundt om rek eit par ungar, og blant dei tutlar ein mann i kjeledress frå stad til stad med boret klart. Han sveivar

snøgt, og hola måler meir enn 25 centimeters djupn før vatnet stig opp or dei; isen er trygg.

Det er ei merkeleg tilskipping eg har meldt meg på: Ved kvart sitt hol sit deltakarak frå den lokale jeger-og fiskarforeininga, som om dei alt har vore klare i fleire timar. Dei er alle betre kledde enn oss hine. Her ute skal me freiste fiskelykka, men ikkje berre det: Her skal også lesast poesi. Pilkarane, som sit tause med stengene sine med eit par meters mellomrom, har ikkje vore ute for noko slikt før.

Bak arrangementet står Margit Ims, Anne Gry Gudmundsdotter, Heidi Stavrum og Ailin Aastvedt. Dei tre fyrste jobbar ved Universi-tetet i Sørøst-Noreg i Bø, medan Aastvedt er direktør for Tele-marksforskning. I lag har dei kjøpt og pussa opp eit gammalt sveitsar-hus ved Tyrivatnet, og godseigar Cappelens gamle jakthytte er blitt til Tyri skrivestove. Mesteparten av tida er hytta privat skrivestove for dei fire eigarane, men ho fun-gerer òg som samlingsplass for

Det er ei merkeleg tilskiping eg har meldt meg på: Ved kvart sitt hol sit deltakarar frå den lokale jeger- og fiskarforeininga, som om dei alt har vore klare i fleire timar.



ymse, ofte ganske smale, arrangement. Det tilskipingane har til felles, er at dei vender blikket vekk frå den akselererande omverda og inn – mot naturen, mot bygda, mot litteraturen, og mot ein sjølv.

Ims tek ordet ved bålpanna. Ho fortel om huspoeten deira, den lokale dikteren Alf Haugland (1924–2012), som var oppvaksen rett bortanfor vatnet. Gjennom eit langt liv på jernbanen skreiv han tekstar i mange format, men i heimbygda er han særleg hugsa for skråblikket i dei knappe dikta sine. Ho peikar bort på huset før ho les nokre dikt, mellom anna det som har inspirert arrangementet:

Attersyn

*Dei største
fiskane
har eg alltid
mist*

*og dei beste
dikta mine
har eg skrive på
brånande skaresnø
kringom pilkeholet*



Lunde er frå 1964 den minste av to hovudbygder i Nome kommune, og ligg der Sørlandsbanen og Telemarkskanalen møtest. Her er ein

i ytste kanten av den nynorske randsona: Trygge vesttelemarkske nynorskområde er kort veg unna, men det er òg berre nokre mil til Grenland. Dei førebels siste nynorskelevane i kommunen gjekk ut av grunnskulen for snart ti år sidan, men som på mange liknande stader har nynorsken framleis ein viktig plass i kyrkja, hjå dei eldre generasjonane, i lokalsoga og i kulturen.

Diktinga til Alf Haugland syner det same skiljet. Den fyrste diktsamlinga skreiv han på bokmål, men seinare valde han nynorsken, overtald av redaktør Halvor J. Sandsdalen i *Telemark Tidend*. Ofte kan ein jamvel kjenne dialekta

bryte gjennom båe skriftspråka. Også litteraturveka i Nome, som dette arrangementet er ein del av, har program på båe skriftspråk, sjølv om bokmålet står klart sterkt.



Det går lange beiter mellom kvart innslag frå bålpanna. Det er lite napp å få i pilkeholet, men arrangementane går rundt og let oss fiske dikt opp av ei korg. Ein må sjølv sagt lesa høgt det ein får. Ein kjem fort, slik, i prat om vatnet og fisket, om lokalhistoria og dei gamle måtane.

Etter nokre timar, når sjølv dei ►

Stille morgonskriving er eit konsept som finst i fleire variantar, med målsetjingar i spennet frå eigenterapi og meditasjon til å fremja eigen skrivepraksis.

mest viljefaste fiskarane har gjeve opp, står me alle rundt bålpanna og vermer frosne fingrar. Frå korga med dikt trekkjer ein av pilkarane opp ein siste fangst:

Tom fiskeveske

*Eg fekk'kje ein
einaste
fisk
oppe ved
Tjønna i dag*

*sat i samfulle
fire timar
utan å få eit
napp*

*Men eg såg eit
vevkjerringnett
som var utspend mellom greinene i
ei lita
furu*

*og i mitt snart
70 årige liv
såg eg eit
vevkjerringnett
skikkeleg
for første gong*

Dei fire timane, tenkjer eg, er det ikkje lenger mange som har.

Over hovuda på oss flyg ein stor, svart fugl i breie sirklar. Dei røynde fiskarane fortel at korpen raskt dukkar opp når dei pilkar, men det vert lite att til han denne gongen.

*

Hartmut Rosa er fjerde generasjon i den såkalla Frankfurterskulen, og lener seg, som mange av førebileta sine innan kritisk teori, på omgrepet *framandgjeri*ng. For Rosa er framandgjeriinga kjenneteikna av eit feilslått og livlaust forhold mellom menneska og verda, eit forhold utan responsivitet eller innbyrdes samband, eit betonglokk over gras.

Motsvaret til det akselererande samfunnet er for Rosa innkapsla i ordet *resonans*. Resonans, definert som gjenklang, men ikkje som samklang, er ein alternativ måte å knyte seg til verda på, ein som stiller seg andsynes framandgjeriinga: Det er eit dynamisk samband der

subjektet og verda kan røre ved og endre kvarandre. Sambandet skal ikkje berre endre subjektet – subjektet må også sjå endringar skje i verda. I desse tankane ligg ei skildring av tilhøva, men òg ein visjon: Det er naudsynt at det kjem svar frå omgjevnadane, kanskje som eit blikk eller eit smil, men gjerne også i form av sosiale endringar. Samstundes er det naudsynt at subjektet, enkeltmennesket, stiller seg ope og tilgjengeleg; ein må ville bli påverka.

Rosa nyttar ein enkel dialog mellom to menneske som dømme: Om samtalepartnarane er samde frå starten, vil dei berre styrke kvarandre i ein ekkoverknad. Om dei er rykande ueinige, vil dei heller ikkje koma nokon stad. Men om ein genuin dialog oppstår, der utgangspunktet er velvillig og ope, kan bådeltakarane justere meiningane sine utan å tapa si eiga stemme.

*

Morgonen etter køyrer eg på ny ut i Landsmarka og parkerer utanfor det tomme bedehuset ved vegen. Oppover til skrivestova går stien smal gjennom snøen, og suset frå vegen forsvinn lenge før eg når døra. Det er fullt i stova, det vil seie, me er 14 til stades.

Dei fire eigarane av skrivestova har invitert til eit arrangement dei kallar *Skriv før du scollar*, ein talande tittel på eit enkelt arrangement. Stille morgonskriving er eit konsept som finst i fleire variantar, med målsetjingar i spennet frå eigenterapi og meditasjon til å fremja eigen skrivepraksis. I Noreg er det gjort populært av m.a. forfattar Ida Jackson og av Ann-gjerd Rustand, Lisa Him-Jensen og Cecilie Almberg Størkson, som kvar månad inviterer til morgonskriving ved Hordaland kunst-senter i Bergen. Ein time åleine saman i stilla med teksten, deretter frukost og prat.

Varianten ved Tyri er av det mindre krevjande slaget. Me skriv berre i periodar på 15 minutt, og med fastsette oppgåver: Slå opp i ei bok! Bruk sansane! Frå ein kurv får me trekkje einskilde ord frå diktinga til Alf Haugland, og på 15 minutt skal me produsere ein ny





Dumtelefonar, avlogging og papirbøker er symbol på eit stemningsskifte, der me kanskje denne gongen – endeleg – klarar å vende oss vekk frå dei vonde vanane me har lagt oss til.



tekst. Det er korte bolkar, og ein skulle tru det var ei enkel sak, men når me tek ein runde til kaffien, er det fleire som kommenterer det slik: Det er som å bruke ein muskel som er heilt ute av trening. Det tek tid før muskulaturen kjem i gang.

*

På toget attende til Oslo les eg i ein heilt annan samanheng ein tekst av Henrik Rytter, den ein gong så vidgjetne, men no nær gløynde diktaren og omsetjaren som døydde i 1950. Også her, i det som vert kalla hans testament, dukkar ein kjend tanke opp:

«No er vel – når alt kjem i hop – man-
nasjæla seg sjølv lik i alle tider; men
vår tid no har vorte so fylt av ytre ståk
og bråk, meiningslaust ståk mykje, at
vi i vårt notids sjæleliv kan konstatere
ei viss tunghørsele; ein saknar jamt
den ljodvare sansen for det i sjæla som
skapest av dei sjøveigne kreftene hen-
nar, noko som krev einsemda og stilla,
og den kjensle- og tankefylte lydinga
innerter.»

Det er denne innstillinga Hartmut Rosa vil at me skal leite etter, den Safia Elhillo (melding s. 26) kallar *sinnslengde*, den som kan skape tilhøve for ekte resonans med medmenneske, med omgjevnadane og med verda. Og sjølv om litteratu-

ren for mange er ein naturleg plass å leite, kan ein finne den same djupna på så mange stader.

*

Rytters klage kling vidare inn i notida, for i 2026 er måtehald på moten. Dumtelefonar, avlogging og papirbøker er symbol på eit stemningsskifte, der me kanskje denne gongen – endeleg – klarar å vende oss vekk frå dei vonde vanane me har lagt oss til. Men framleis er mykje berre prat: Det går ikkje ein dag utan kronikkar, tv-innslag og pausesamtaler om at *alt går så fort*. Nettaviser og sosiale medium fyller seg opp av tips og triks om korleis ein skal koma seg ut av uføret, og både Den Natio-nale Scene og Nationaltheatret har siste året sett opp Holbergs *Den stundesløse* som halsbrekkande, men i og for seg mislykka kommentarar på tidsånda. For endå meir prat kan ikkje løyse denne gåta for oss.

Litteratur


Alf Haugland. 2007. *Samla dikt og lime-ricks*. Ulefoss: Anno.

Hartmut Rosa. 2024. *Akselerasjon og resonans* (oms. Anders Dunker). Oslo: Cappelen Damm.


«Henrik Rytters testamente» i *Syn og Segn*, 1962, s. 474.

VÅRENS NYHEITER I POCKET

I SAL FRÅ 4. MAI




I SAL FRÅ 23. MARS




Samlaget

I SAL NO



I SAL NO



I SAL NO



Samlaget.no



KNOTAR IKKJE: Tobias Sten får Dialektprisen frå Norsk Målungdom.

Foto: Marius Sørgerd.

Albumdebutant og listetopp får Dialektprisen 2025

Tobias Sten har gått hardt ut mot knotarane. No tek han imot Dialektprisen frå Norsk Målungdom.

■ Kvart år deler Norsk Målungdom ut pris til dialektforbilde for unge. I fjor var mottakaren Synne Vo, og denne gongen går han også til ein musikalr.

– Tobias Sten har blitt populær dei siste åra med fengande låtar på stordamål. 23-åringen lagar countrymusikk for eit ungt publikum, og har med sin guteaktige sjarm sett Sunnhordland på kartet, seier leiar i Norsk Målungdom, Sebastian Vinsent Natvik.

Tobias Johannessen Stenersen, som artisten eigentleg heiter, debuterte i 2025 med sjølvtitulert album, kor fleire av låtene har prega topplistene.

– Herregud, for ei ære! seier den 22 år gamle artisten når han tek imot den ærefulle språkprisen.

Stolt av dialekta

Han har dei siste åra blitt svært populær med fengande låtar på stordamål, og i fjor vart han den mest streama norske artisten på Spotify.

– Det er kult at Noregs mest populære artist ikkje berre er ein ung fyr som brukar dialekta si i låtskrivinga, men også vel å aktivt stå opp for ho i media, seier Natvik.

I haust gjekk nemleg Stenersen ut mot dialektbyte i Aftenposten. «Du gir ein liten finger til plassen du har vakse opp på», sa han om knotarane.

– Eg er jo ein fyr som er utruleg stolt av dialekta mi. Ho er uniforma mi, seier han no.

Det er ikkje til å legge skjul

på at talemålet til countryartisten har blitt ein stor del av varemerket hans.

– Dialekt er ein så mektig identitet hos eit menneske. Eg føler at eg set heimbygda mi på kartet når eg brukar henne.

Leiaren i Norsk Målungdom peikar på at fleire og fleire artistar ser verdien av å satse på ei musikkarriere på førstespråket sitt.

– Me ser ein tydeleg tendens til at norske dialekter får ein større plass på topplistene. Me synest det er utruleg fint at norske ungdommar kan kjenne att språket sitt i poplærkulturen og høyre på artistar som er ærlege om kor dei kjem frå.

Stenersen kunne dessverre ikkje møte opp fysisk for å få diplommet, men skal få høve til å ta det med heim ein annan gong, forsikrar Natvik.

■ leiarspalta



SEBASTIAN VINSENT NATVIK
Leiar i Norsk Målungdom

Er språklova berre ei tilråding på UiA?

■ I januar skreiv Nora Tangen Aarskog, leiar i Studentmållet i Agder, om Universitetet i Agder sitt ansvar for å følgja språklova, som dei tilsynelatande aldri har fått til. Debatten har blussa opp att, og i tillegg til studentmålslagsleiaren har direktør i Språkrådet og medlemar frå UiAs språkpolitiske utval kasta seg på ordsiftet. Sistnemnde har til og med uttalt at dei ikkje set si lit til Språkrådet sin språkstatistikk.

■ Stoda til nynorsken på UiA er eit heitt tema som har vore oppe fleire gonger for både Språkrådet og studentmållet. UiA har vore den dårlegaste i kategorien ved fleire høve på å nå lovkravet på 25 prosent nynorsk. På tampen av det heile føreslo universitetet å skrota heile lovkravet i 2018. Den tida skreiv tilsette ved institutt for nordisk og mediefag at så lenge universiteta har ei særskild oppgåve i å forvalta norsk språk og kultur, så er «Et framlegg om «å slippe nynorsk» [...] et framlegg om å slippe å være et universitet.»

■ UiAs språkpolitiske utval er kanskje velmeinande når dei ikkje set si lit til Språkrådet sin språkstatistikk. Utvalet kritiserer praksisen ved at ein haustar inn alt av tekst frå nettsider utan å ta omsyn til at noko tekst «aldri» vert lesen, i motsetnad til tekst som er på framsida til dømes. Det vi veit er at universiteta, uansett om det er på framsida eller i tekster som ingen les, er nøydd til å ha minst 25 prosent nynorsk i den totale tekstmengda. Utvalet meiner det er umogeleg å nå kravet.

■ Haldninga som UiA har hatt til språklova er flau, og haldningane som UiA hadde til den tidlegare mållova var ikkje noko betre – for 10 år sidan skreiv Agderposten om UiA si vel så dårlege nynorskpraksis med kritikk frå Språkrådet. Dåverande kommunikasjonsdirektør sa at det er mange andre offentlege verksemdar som heller ikkje følgjer krava. Påstanden er kanskje inga orsaking, men er vel så mykje ei stadfesting på universitetet si haldning. 10 år seinare sit me enno i same båt.

■ Blant dei høgare utdanningsinstitusjonane er ikkje UiA åleine om å ikkje nå lovkravet, men utspel og haldningar seier mykje til omdømet UiA får for studentar med nynorsk som hovudmål. Sunniva Whittaker, rektor ved UiA, lovar 25 prosent nynorsk, me ventar spent.



Dine pengar kan gjera ein forskjell – bli målgåvegivar!

Norsk Målungdom



Scann QR-koden for å melde deg opp

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Nokre Or te Bondevenne og Maal-menn kom ut i 1871. Kven skreiv pamfletten?
- 2 Kva heitte målbladet som forfatta-ren av pamfletten gav ut frå 1871 til 1874?
- 3 Olav Duun debuterte som forfattar i 1907. Kva heitte debutboka?
- 4 Romanen *Doggerland* har hausta strålende kritikkar. Kven er forfat-taren?
- 5 Høyre romsdalsdialektane til det austlandske eller vestlandske dia-lektområdet?
- 6 Er galisisk nærast i slekt med por-tugisisk eller kastiljansk?
- 7 Kva blir rekna som den mest utbreidde språkfamilien i verda?
- 8 Utskott tyder langt frå det same på svensk og norsk. Kva tyder ordet på svensk?
- 9 Kva meiner danskane når dei omta-lar nokon som *flinke*?
- 10 Kva tyder substantivet *kanalje*?
- 11 I 1922 fann Howard Carter og Lord Carnarvon ei vidgjeten grav i Kon-gedalen. Kven låg i grava?
- 12 På kva kontinent finn vi den største isbreen i verda?
- 13 Kva var typisk for krypdyra som hørde til ordenen pterosaurar?
- 14 Kva tre dyregrupper i Noreg høyrer til dyreklassen amfibium?
- 15 Var Vladimir Lenin nokon gong formelt statsoverhovud i Russland eller Sovjetunionen?
- 16 Vikingane som reiste i austerveg har truleg gitt opphavet til namnet Russland. Kva blei dei kalla?
- 17 Kva heiter den eldste avisa som framleis blir gitt ut i Noreg?
- 18 Kva avis har hatt tilnamna «Vigrabi-belen» og «Sumpen»?
- 19 Kva er ein hippogriff?
- 20 Du kastar ein ball så hardt du kan, og han kjem tilbake til deg utan å treffe noko. Korleis er det mogleg?

- SVAR
- 1 Olaus Fjorftoft
 - 2 Fram
 - 3 Løglege skruvar og anna folk
 - 4 Agnes Ravatn
 - 5 det vestlandske dialektområdet
 - 6 portugisisk (dei har felles opphav i (nordvestlandske e-mål)
 - 7 gallego-portugisisk
 - 8 indoeuropisk
 - 9 komite/utval eller utveks
 - 10 mande (men også dyktig)
 - 11 Tutankhamon
 - 12 i Antarktis: Lambertbreen, 400 km lang
 - 13 Dei var flygeøglar
 - 14 froskar, paddar og salamandrar
 - 15 Nei, han var regjeringssejle
 - 16 rus – som mest sannsynleg var svenske vikingar
 - 17 Adresseavisen i Trondheim
 - 18 Sunnmørsposten
 - 19 eit fabeldyr med bakroppen til ei hoppe og framkroppen til ei ørn
 - 20 Du kastar han rett opp i lufta.



DALAR, MEN MEST FJELL: Utmarksriket gjev lesaren tilgang på nye kapittel i saga om Telemark og fjellstroka rundt.

Foto: Jógvan Helge Gardar

Tilbake til belamørk

Det er ikkje kvar dag ei omarbeidd doktorgrads-avhandling vert ei så vel-lykka bok.

■ I 2013 og 2022 vart Dyrskuplassen i Seljord skodeplass for noko anna enn fesja og festival. I staden kunne ein uti bøn sjå eit koppel av arkeologar grava etter minne frå ei fortid få av oss kan stort om. *Utmarksriket* er delvis resultat av desse utgravingane, delvis av avhandlinga til Kjetil Loftsgarden frå 2017 om marknadsplassar omkring Hardangervidda, og dreier seg om Telemark i tusenåret før den skriftlege saga tek til.

Frå byrjinga er boka lagt opp som eit motargument mot mange av mytane som finst om det me i dag oftast nemner Vest-Telemark (kommunane Seljord, Hjartdal, Tinn, Kvite-seid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje). Mot det klassiske biletet av den sjøveigande telemarksbonden som valdeleg og kjetterisk, syner Loftsgarden og Mjærum fram eit mangfal-dig bilete av eit område som er konstant og djupt kopla til omverda; til Vestlandet, Sørlandet og fjellbygdene, til Skagerrak, Danmark og konti-



■ bokmelding

Kjetil Loftsgarden
og Axel Mjærum:

Utmarksriket – Telemark i perioden 400–1400

Dreyers forlag, Oslo 2025

nentet. Via marknadsplassar og ferdslaruter vart det utveksla varer, men òg idéar og fortel-jingar.

Loftsgarden og medforfattar Axel Mjærum er i dag tilsette som fyrsteamanuensar ved Kulturhistorisk museum i Oslo. Sjølv om bae forfattarane er arkeologar, og boka i hovud-

sak baserer seg på arkeologisk materiale, er resultatet langt rikare enn så. *Utmarksriket* er ei bok som søker svar på tvers av faga, og som tek i bruk kjelder frå den politiske, økonomiske og geistlege saga, frå dialekt-forskning, geografi og folkemin-nesamlarar. Samstundes er ho ei kort innføring i sjølve faget arkeologi, og inneheld stutte, men pedagogiske forklarinar om mange av dei sentrale omgrepa på feltet. Illustrasjonane til Anond Versto tek oss nærare på menneska som levde der det no berre finst spor, og ei rekkje kart gjer det enklare å setja spora inn i større saman-hengar. Alt dette gjer boka grundig og åtkomande, slik at ho opnar seg for lesarar med dei fleste utgangspunkt.

Forfattarane seier det sjølve i føreordet: «[m]e har ikkje vore flinke nok til å formidle denne fascinerande delen av histo-ria ut forbi fagkrinsen». Men i *Utmarksriket* tek Loftsgarden og Mjærum både lesaren og faget på alvor, og finn samstundes ei form som gjer stoffet lett tilgjengeleg. Her vil det vera mykje spanande å finna for både fag- og lekfolk, om dei så er lokale telemarkingar eller frå resten av landet.

JÓGVAN HELGE GARDAR

■ kryssord nr 1 • 2026 · Einar Søreide

MÅLMANN- BRAGDA TILSKIPAREN		TANKE- OVER- FØRING	FAST	DRIV	KYNISK	ARE VILL- HUND	VAGE "KJEDELEG" STREKNING	HYLLA	BIBEL- DEL dB	ISEN- KRAM SVAR	STEM- ME
ORDTAK											
							SVEIV				
LODOTT				OFFI- SER			SOLGUD				
DESS- ERT				TRASKE					TINN		KVINNE- LEG VETTE
SOKNE					AVFALL	KJENNE FAG- FELLE			RUSSAR		
PUGG									DRILL		
			ANNAL KROPPS- DELEN				KVIT KULE PAKK				
HUSDYR- HALD				TÆL ORDNE		VEKST SJØ- DYRET		KNYTTE TIL SEG			
					TURN- MOMENT FENGSEL			HASTE GRESK GUDINNE			SVÆRT STOR MENGD
AVGJER						KLODRI- ANEN			MJØL		
FLYTA SEG									SELJAR		
SEINT			NOKSÅ				PARA- DERTE TOPP			LIKE	
TAL			KLASK							SJIKT	
HAMONI											
EUR. BY						IBSEN- KVINNE DYRE- ROP			GAR NED NYORD I 2011		
LEVRA						RÅ- STOFF		EKTE STOKK			
LAVINE				SLAG			KUPONG				
HOLE				NM-LEIAR OG STATSM.			GASS				GULL
EIGE		INN- STILLE					GUFS			ASTAT TRE- SPANN	
			GRYT- ENE		LIKE BOK- STAV		KJEKKE HEIL			LITEN HAUG FUGLEN	
KVINNE						TVERR		VIER			KLAR
FRUKT- BYGD						LIKE		OMDØME			DYRKE OPP
DRIKKE			BUSKE- RUD			HEKTISK PERIODE ROVDYR		SKJERINGSPUNKT			
FILLE			NAPPAR					STABEL	NABOAR (BAKV.)		
							OL-GULL I 1994 MORENE				
KRYPA					STØYAR				FIN		
AVIS									KOMME BORTI		
KORN- BAND											

■ løysing · Nr. 4 – 2025

ARETS NYORD I 2016	ORD- TAK	D	K	Y	R	K	J	E	G	A	R	D	E	N	G	J	E	R	BERN- SPRÅK
SNØR PARTI		V	R	I	R	KLAMR EN SKJUL	V	E	K	K	A	R	K	L	O	K	K	A	
EL		S	A	K	S	E	D	Y	R	V	NASSE PREST	I	L	T	R	E	S	E	L
SEIN FISKE		P	R	I	S	E	M	E	I	T	YTTA FRAMPA	S	A	S	E	L	S	E	L
SEIN FISKE		D	N	A	L	STOVE RABLER	L	A	R	M	E	P	L	A	N				
SEIN FISKE		A	G	A	K	ATT GRUBBLER BASE	K	V	M	O	T	A	K	S	E	M	N	O	
SEIN FISKE		E	G	S	A	KONVER SORS	S	A	M	T	A	L	E	S	I	V	A		
SEIN FISKE		I	S	F	R	O	N	T	K	L	O	N	K	L	E	S	I		
SEIN FISKE		D	I	E	T	FOR NYAR	I	N	N	O	V	E	R	E	R	E	R		
SEIN FISKE		N	L	A	R	K	A	N	I	N	I	O	K	E	R	N	J		
SEIN FISKE		E	T	T	E	R	K	R	O	K	E	N	E	K	N	I	P		
SEIN FISKE		F	E	N	B	A	R	D	U	N	E	R	E	F	E	M			
SEIN FISKE		G	I	T	T	E	R	D	R	E	R	E	G	L	I	R			
SEIN FISKE		R	U	E	R	H	A	R	T	V	I	G	E	L	I				
SEIN FISKE		E	L	S	A	STRUT RETNING	S	A	U	T	A	T	E	N	K	R	I	K	
SEIN FISKE		R	E	I	I	I	N	N	E	D	I	N	E						
SEIN FISKE		I	N	A	N	S	K	R	I	S	E	L	E	V	E	N	T		
SEIN FISKE		N	S	A	M	T	A	L	E	V	E	N	T	A	R	N	B		
SEIN FISKE		G	U	T	E	E	S	N	A	R	E	N	E	T	T				

Vinnarar av kryssord nr. 4, 2025:

1. Arne Aven, Lindås
2. Norlaug Stormes, Vigra
3. Kjetil Grønås, Stord

Send løysinga til:
Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 Oslo

eller e-post:
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 1. juni 2026

Merk sendinga «Kryssord».
Rett løysing kjem i neste utgåve.
Tre vinnarar vert trekte ut og får
ein fin premie.

Namn :

Adresse:

Postnummer/-stad:

På veg mot mellomtida

Byung-Chul Han
forkynner ein utveg
frå utmatting til lek.

■ Det har til no kome mest skjønnlitteratur frå Slow Fire Press, kjøkenbenkforlaget drive av David Aasen, sidan oppstarten i 2007. Først i seinare år har hyp-pigheita teke seg opp til fleire publikasjonar i året, og i 2026 ser det ut til at forlaget vil ta på seg eit ansvar få andre tek: å gjeva ut filosofi på nynorsk. Fyrste tittel ut er essayet *Müdigkeitsgesellschaft*, skrive av Byung-Chul Han i 2010. På norsk har det fått tittelen *Utmattingsamfunnet*. Han er koreansk av fødsel, men har sidan 80-talet budd i Tyskland, og skriv fast på tysk.

Negativitet og positivitet

Boka er knapp, med korte kapitler, og er skriven i ein tilskoren, men likevel ikkje heilt direkte stil. Ho søkjer, i gjennomgåande dialog med fleire ulike tenkjarar, å argumentere for ei tilsynelatande enkel tese: I det vestlege samfunnet vert me utbrennde og ulykkelige ikkje på grunn av ytre hindringar, men på grunn av den indre tråa etter å bli den beste utgåva av oss sjølve. For å skildre utviklinga frå det gamle kontrollsamfunnet, som Han meiner me har flytta oss vidare frå, nyttar han omgrepsparet *negativitet* og *positivitet*, som slektar på den negative og positive fridomen frå statskunna. I Vesten er me omringa av for mykje positivitet – det er for mykje som er mogleg, og frå eit overskot av positivitet kjem vår tids sjeleplager: depresjon, ADHD og utbrentheit. Han skriv: «Om ein berre har positiv potens, vil ein vere passivt prisgitt objektet. Hyperaktivitet er paradoksalt nok ei svært passiv handlingsform som ikkje tillet fri handling, og som spring ut av ei einseitig absoluttering av positiv potens.»

Kritisk og krass

Byung-Chul Han set seg i samanheng med mange tenkjarar som har freista kategorisere samfunnsforma me lever under, frå Herman Melville og Hannah Arendt fram til Michel Foucault og Giorgio Agamben. Heile vegen er Han utprega kritisk, til tider krass, og ute etter raskt å identifisere kva det er desse tenkjarane har fått rett, og kor dei misforstår samfunnsutviklinga. Denne forma er eigna til å skjera til tesen raskt, ved å skilja han av frå tilstøytande teoriar, men ho kan samstundes gje eit noko forhasta



■ bokmelding

Byung-Chul Han:

Utmattingsamfunnet

Slow Fire Press, Oslo 2026

Omsett frå tysk av Runa Kvalsund

og omtrentleg preg, der Han sjeldan verkar interessert i å dvelja ved poenga sine. I staden hastar han vidare i eit tempo som raskt kan koma til å reflektere sjølve innhaldet i teksten.

Argumentasjonsrekkja i essayet får seg eit skot for baugen allereie i fyrste kapittel, der resonnementet delvis er bygd på at me ikkje lever i ein «viral tidsalder», men at vi har «lagt denne bak oss». Han kunne ikkje føresjå (kunne nokon, eigentleg?) den lammande krafta i koronapandemien, men heldigvis står essayet rimeleg støtt sjølv om ein ser vekk frå dette og nokre andre feilskjer.

Alternativ veg

Også i siste kapittel, der Han freistar finne vidare frå den knuande positiviteten det vestlege mennesket lever under, er han knapp med orda. Likevel ligg det ein visjon her: «Den utbrennde utmattinga er ei utmatting med positiv potens. Ho gjer ein ute av stand til å gjere *noko*. Utmattunga som inspirerer, er ei *utmatting med negativ potens*, nemleg til *ikkje-å*». I den etter kvart rimeleg religiøse konklusjonen forkynner Han altså ikkje ein veg utanom uforet, men ein alternativ veg *gjennom*, der dei utmatta subjekta gjev slepp på individualiteten i ein felles rytme der «mellomtida» får plass.

Utgjevinga er utstyrt med eit flott introduksjonssessay av Fredrik Wilhelmsen, og omsetjinga til Runa Kvalsund kan det ikkje vera stort å utsetja på. Filosofi på nynorsk er ikkje berre etterlyst, det er også vellykka.

JÓGVAN HELGE GARDAR

Snakke m

Med *Januarbarna*
viser endå eit lite forlag
litterære musklar.

■ Kring leggane åt dei store gror alltid ein underskog av småforlag. Dei skil seg ut frå dei etablerte med særeigen estetikk, litterær kvalitet og sans for blindsoner, og trivst ofte på eit merksedmsnivå som gjev rom for eksperimentering. Somme slår rot i for karrig jord, men andre veks seg inn i nisjane og tomromma litteraturverda alltid har nok av. Etter pandemien har det kome fram mange slike forlag, og med god hjelp frå festivalar og bibliotek, nyoppstarta bokhandlarar og institusjonar som Tekstallmenningen i Bergen, kan kanskje fleire av dei finne ein verande plass i bokheimen. Nye forlag som Meteor, Briskeby, Find, Existenz, Akantus og Camino omset dessutan breitt, og gjev ut utanlandske bøker, både klassikarar og nykomarar, som kanskje aldri elles ville kome på norsk.

Eit slikt er også Lo forlag, starta i 2023 og drive av mellom andre poetane og gjendiktarane Erlend Wichne og Ida Hove Solberg. Forlaget vil, seier dei sjølve, utfordre premissa for kunstnarleg omsetjing og utforming av bøker, og samarbeider difor tett med risotrykkeriet Blekksprut'n i Oslo. I januar gav dei ut si andre bok.

I opposisjon

Safia Elhillo er ein sudansk-amerikansk poet fødd i Maryland i USA i 1990. *Januarbarna* frå 2017 var den fyrste av dei til no fire bøkene hennar, og den einaste som er komen på norsk. Boka har namn etter generasjonen fødd i Sudan under britisk okkupasjon, då born vart tildelte fødselsår etter høgde, alle med fødselsdato 1. januar.

Lanseringa finn stad på Samvirkelaget Rosa Bøker i Gamle Oslo, ei klassisk motkulturell sjappe opna i 2024, med makt-kritikk, småforlag og teikneseriar på hyllene, og knapt med plass mellom stolane. Medan gjendiktarane les høgt kjem ein raskt på kvifor norskdomsrørsla og motkulturane har så sterke historiske band: Nynorsken er språket til minoritetane, det er språket til arbeidarane, det er språket til dei som ikkje kjem til orde. I dei seinare åra er det kanskje serien *Norsk røyndom* frå Samlaget som har vist denne koplinga best, men det er den



■ bokmelding

Safia Elhillo:

Januarbarna

Lo forlag, Mandal 2026

Gjendikta frå engelsk av Asha Abdullahi og Ida Hove Solberg

same arva som gjer det så passande at *Januarbarna* kjem på nynorsk.

Form til innhaldet

I samlinga utforskar Elhillo mange ulike former, frå korte aforismeliknande dikt til tankestraumar, samtaler og intervju. Den dominerande forma er likevel oppstykk, rytmiske dikt i ein lett forteljande modus. Eit gjennomgåande formgrep er lange mellomrom midt i verselinjene, noko som stundom gjev eit dvelande, tenksam humør, men som andre gonger kan gje tekstane eit hektisk, suggerande preg.

Desse grepa femnar innhaldet godt, og gjev lesaren ei djupare forståing av konfliktane i diasporallivet, frå raseri til utanforskap til fortvilning til nostalgi. Tilfanget i Elhillos diktarverd er rikt, men den viktigaste raude tråden er sambandet eg-et kjenner med musikken til den egyptiske songaren Abdelhalim Hafez (1929–1977) – eit som ofte slår om i eit parasosialt forhold til mannen sjølv, *al andalib al asmar* – den svarte nattergalen. Hafez fungerer som ein spegel, eller kanskje som ein avatar for eg-et. Han er, som Elhillo skriv i føreordet, «ein figur som eg kunne hekte på alle kjenslene».

Diaspora og dialog

Kva einskilde ord eigentleg betyr er eit viktig tema for Elhillo, men i dikta er det særleg eitt ord som skil seg ut frå tekstane til Hafez: *asmarani*. På overflata er det eit arabisk kjælenamn for

ed aksent om heime



KVALITET: Lo forlag har ikkje eiga økonomiavdeling, men legg desto større vekt på litterær kvalitet og utforming.
Tonje Lona Eriksen

Det er ikkje alltid kvart einskild dikt *sit* heilt, men alt i alt er *Januarbarna* ei svært solid samling tekstar med imponerende register. Det er ei diasporadiktsamling som ikkje berre er reint politisk, nostalgisk eller sjølvsentrert, men som ser heilskapen, brettar ut nyansane og viser at mange av spørsmåla ein stiller seg når ein står mellom kulturar, slett ikkje har noko svar, og at dét er slik det må vere. Med den innstillinga får Elhillo fram både tankevekkande og rørende scener på tvers av generasjonar og kulturar, stundom også på tvers av røyndom og mytologi, som i diktet «elskarene»:

khartoum på åttitalet
mor mi med band i håret
kjolen som viftar rundt muskat-
leggane hennar

far min
som eg høyrer
var så livleg & kjekk
at berre vond magi kunne ha tømt
& fylt han med røyk

den lånte platespelaren
generasjonen som kom til å dra
for å gjere nostalgi av desse nettene
for å bindestreke barna sine
& gnagast av
kvar vinter

men i kveld motown knitrande
inn i den varme skumringa
mygg svevande
nær lanternene
dansar foreldra mine
utan å røre kvarandre

Den flotte omsetjinga til Ida Hove Solberg og Asha Abdullahi har fått eit nydeleg grafisk uttrykk, og med illustrasjonane til Annika Linn Verdal Homme vert *Januarbarna* verkeleg ei heilstøypt utgjeving.

JÓGVAN HELGE GARDAR

ein person med brun eller mørk hud, men i kontekst vert det reelle innhaldet forskove. Slik vert ordet eit prisme for skilnadane Elhillo så gjerne vil forstå seg på, mellom sudanarar og arabarar, mellom sudanarar og eksilsudanarar, mellom svarte og kvite.

[...] & eg bur i amerika no der halim & eg
ikkje hadde vore det same fordi halim
ja er brun er /asmar/ men [ja eg lovar]
eg er svart & svart er å ta /asmar/
for bokstavleg eg blir stoppa & bedt om å gi det
tilbake

Tusen takk! Mellom 11. november 2025 og 18. februar 2026 fekk Noregs Mållag 518 702 kroner i gåve. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt med å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gie oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp (på nynorsk!) til 90540. Takk! **Takk!**

**MÅLGÅVE MED
VIPPS:
90540**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Lars Aasbø
Jorunn Rysstad Berg
Liv Breivegen
Kjetil Dukane
Reidunn Gilje
Jon Olav Gryting
Gunhild Nybø Hagane
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Per Bernt Knudsen
Ragnar Kaasa
Johanne Landsverk
Ingebjørg Lauvstad
Jon Kolbjørn Lindset
Nils Markset
Kåre Mogstad
Sigrid Bjørg Ramse
Johannes G. Torstveit
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Karianne A. Aam
Gunnhild Torvik
Bekkedal
Syver Berge
Johan Birger Berget
Anders Bjørge
Jon Steinar Bredeveien
Alv Reidar Dale
Tove De Pasquale
Inger Johanne Dæhlen
Tor Johannes Einbu
Ingvild Marie Eknes
Hans Enstad
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Kristin Fridtun
Randi Therese Garmo
Berit Gomnæs
Kjell Gulbrandsen
Paul Henrik Hage
Erik Hanssveen
Olav Haraldseid
Trond Harkjerr
Gaute Elvesæter Helland
Bjarte Hole
Ola Holen
Olav Jenssveen
Helene Strand Johansen
Ola Jonsmoen
Kristin Kirkestuen
Turid Kleiva
Harald Kleppe
Kirsten Knudsen
Inger Margrethe
Kyllingstad
Grete Langodden
Anders Jan Larsson
Ingrid Hanna Johanne
Laugslet
Nils Kristian Lie
Asgeir Lilleås
Åse Moe
Inger Margrete Myhre
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Jørgen Norheim
Odd Arne Nustad
Eli Ringen
Hanne Kristine Risdal

Ola Magne Robøle
Torlaug Roel
Nina Berge Rudi
Magne Rydland
Jørn Rødølen
Jakup Skjedsvoll
Ola Skrinde
Haldis Skuterud
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Arne Sund
Mogunn Synstnes
Thorvald Christian
Holtan Sæhlie
Rønnaug Håve Sæhlie
Reidun Ramse Sørensen
Gudmund Teigen
Lene Thunes
Ola Tronsmoen
Else Hole Ulekleiv
Olav Veka
Magne Velure
Rune Øygard
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam
Aarset
Karin Arnesen
Niri Baklid
Maria Høgetveit Berg
Gunn-Eva Høimyr
Bjøråsen
Herbjørn Brennhovd
Per Drablø
Hege Elisabeth Falck-
Andersen
Jan Fekjan
Hans-Ove Grostølen
Ole Grov
Oddrun Grønvik
Ingrid Hals
Einar Hanserud
Syver Hjelman
Sigrid Hjelman
Olav Hovda
Ola Hustad
Björg Kari Brattåker
Håheim
Lars Erik Jacobsen
Oddbjørn Jorde
Frode Kinserdal
Halvor Kvisle
Kari Maastad
Ingunn Asperheim
Nestegard
Gro Randen
Ola Ruud
Kirsten Skarlund
Sigridur Helene
Hyldetoft Teppen
Sigrun Torsteinsrud
Inge Velle
Øystein Velure

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Pål Aakre
Kikki Aardalsbakke
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Ann-Helen Bakkeland
Leidulv K. Bergwitz
Anfinn Bernaas
Erlend Bleie

Per Johan Boneng
Reidar Borgstrøm
Kari Hjørdis Brandal
Ann Kristin Brekke
Jan Håkon Brotnov
Hildegunn Bruheim
Hæge Marie Roholdt
Brunvatne
Åsulv Edland
Tove Karina Eidhammer
Randi Ekrem
Bård Engevik
Arne Eri
Kirsten Osmo Eriksen
Brit Ragnhild Øydna
Fisknes
Jon Fosse
Kim S. Fureli
Ulrich Furthmüller
Tor Gabrielsen
Ingvild Garborg
Olav Garfors
Sigrid Strånd Goffeng
Lars Grinde
Gunnvald Grønvik
Per Gunnar Gulstuen
Karl S. Halse
Ola M. Heide
Sveinung Helgheim
Mildrid Helland
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Inger Karin Hjelle
Edvard Hoem
Erling Hokstad
Kjetil Torggrim Homme
Johannes Hope
Karin Strand
Hovbrender
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein
Høgåsen
Kolbjørn Høgåsen
Ingeborg Hauge
Høyland
Erling Indreeide
Øystein Jetne
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Gunhild Kvalsgard
John Petter Lindeland
Tor Einar Ljønes
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Jon Låte
Björg Mannes
Eldrid Midttun
Norvald Mo
May Johanne Molund
Per Helge Mork
Finn Måge
Johan Nedregård
Kjellaug Norli
Åse-Sigrunn Nyland
Torgeir Ose
Anne Perstølen
Arild Magne Rekdal
Yngve Rekdal
Jan-Magne Rinde
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Frøydis Marie Ruud
Asbjørg Engebø Rystad
Turid Rønning
Kari Rysst Seemann
Erik Simensen

Olav R. Skage
Torild Skard
Åsmund Skard
Gunvor Skiftun
Gunnvor Fykse Skirbekk
Sigrid Skålnes
Ivar Solheim
Idun Stokka
Einar Strømnes
Oddmund Svarteberg
Liv Ruud Thorstensen
Halvor Tjønn
Hans Tokvam
Øystein Tormodsgard
Audun Orten Trovåg
Kristen Turtum
Sverre Tusvik
Terje Valestrand
Matias Robberstad
Vangen
Ivar Vasaasen
Alvhild Venås
Werner Vesterås
Lars Sigurdson Vikør
Anne Elisabeth Vinje
Kjetil Vistad
Per Ivar Vaagland
Roald Waktstkjold

HORDALAND MÅLLAG

Svein O. Aadland
Kristine Nymark Aasen
Livar Aksnes
Solveig Almås
Torgeir Alvsaker
Svein Schröder
Amundsen
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Margit Liljan Apelthun
Karin Ask
Marta Augensen
Erlend Bakke
Einar Bardal
Oddbjørn Berge
Arild Berge
Marit Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Solveig Bjørsvik
Målfrid Bjånesøy
Oddbjørn Borge
Kari Borge
Trond Botnen
Arne Brattabø
Berge Brattabø D.E.
Tor Brattebø
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Jostein Bønes
Liv Clement
Arve Dale
Kristian Djuvsland
Inge Draugsvoll
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Liv Cecilie Sæbø Eik
Björgulv Johan Eik
Ole-Johan Eikeland
Yngve Endal
Øystein Erstad
Arnold Farstad
Bergit Utne Fjelde
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Erling Fjærestad
Tormod Folgerø
Kåre Frøland

Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Jostein Gimmestad
Anne Sofie Gjerland
Paul Kåre Gjuvsland
Lars Gjostein
Knut Gramstad
Jostein Grov
Solveig Grønlien
Kjetil Grønås
Anne-Lise Halveg
Johnny Handeland
Oddlaug S. Hansen
Lars Ove Olafsson
Harnes
Stanley Hauge
Oddbjørn Haugen
Liv Else Haugland
Eldfrid Haukenes
Åshild Haukås
Torbjørn Haukås
Bjarte Helle
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Annette Henden
Jan Kåre Henriksbø
Kjartan Hernes
Britt G. Trefall Hernes
Else Marie Kind Hevrøy
Olrun Hild Hillestad
Marit Hjartaker
Eivind Hjelle
Anbjørg R. Hjeltestad
Kåre J. Hole
Unni Eva Holstad
Arnfinn Hopland
Oddmund Hus
Daniel Hydle
Martha Hægstad
Nils Inge Haaland
Geir Instanes
Johanne Telnes Instanes
Jan Kåre Jakobsen
Else Jerdal
Ole-Jørgen Johannessen
Randi Jåstad
Ingunn Johanne Karlsen
Solveig Kleppe
Randi Knapstad
Olav Kobbeltveit
Ståle Kolbeinson
Helga Kolstad
Bente Anita Kristiansen
Ane Landøy
Inger Lise Breivik
Larsen
Stig-Martin Liavåg
Torgrim Ljønes
Arve Lothe
Marit Merete Lunde
Kjellaug Lundestad
Torun Lyssand
Torolv Lægred
Audun Lødemel
Ove Leon Låstad
Frode Mannsåker
Marit Bleie Mannsåker
Tone Eitrheim Midtbø
Kristi Yttredal Moe
Leif Bjørn Monsen
Svanhild Monstad
Lillian Morvik
John Ragnar Myking
Jostein Mykletun
Einar Myster
Toril Møen
Eldbjørg Møllerup

Oddvar Natvik
Marit Nedreli
Øyvind Per Norang
Odd Jøran Oldervik
Astrid Olsen
Åse Opheim
Aud Oppedal
Anfinn Otterå
Olai Otterå
Kjell Paulsen
Johnny Ottar Pedersen
Margunn Ramberg
Berit Reinsaa
Lars Riise
Ann Kathrin Røssland
Inger Marie Saltnes
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seilfaldet
Johannes H. Sekse
Mons Ole Dyvik
Sellevold
Bjarne Skarestad
Olav Johannes Skeie
Gunnvald Skeiseid
Gunnar Skirbekk
Arne Skjerven
Harald Skorpen
Anne Marie Skurtveit
Knut E. Skåla
Kaare Skaala
Marie Skålnes
Kari Smith
Jostein Småbrekke
Asbjørg Solberg
Harry Solberg
Ragnhild Edith Solvang
Åse Steen-Olsen
Nora Henden Stegane
Arjen L H Stolk
Gerhard Inge Storebø
Jon Åge Storheim
Anne Karin Stormyr
Jan Gunnar Strand
Rolf Sigmund Sunde
John Svahn
Åshild Sveinsgierd
Kurt Svensson
Jon Sværen
Solfrid Marie Sylta
Leiv Sæbø
Ingebjørg Dønhaug
Sæbø
Kjell A. Sælen
Borgny Særsten
Olav Softeland
Kjell Gudmund Søholt
Øyvind Teigen
Johannes Teigland
Ragna Thunestvedt
Roald Erling Tjore
Bjarte Tolaas
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Odd Træbakken
Hans Tveit
Sissel Tveita
Oddbjørg Ulveseth
Sjur Uppheim
Berit Vaksdal
Brit Valland
Unni Urdal Vedå
Leiv Vetås
Hege Eide Vik
Inger B. Vikøren
Ranveig Kvarekvål Vinje
Ingebjørg Viste
Agnes Råket Vågslid

Lars Arve Worren
Nils Ivar Østerbø
Marit Åkre

KARMSUND MÅLLAG

Sjur Moe Aakra
Steinar Aalvik
Magne Apeland
Ingrid Marie Dale
Reidun Dyrseth
Knut Erik Ebne
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Marit Færevåg
Aud Grimstveit
Lillian Grønnestad
Unni Halvorsen
Trygve Handeland
Torill Borge Horneland
Ragna Håland
Olav Torfinn Jondahl
Arne Tveit Katla
Svend Kjetland
Solveig Lunde
Liv Tesdal Mjelde
Lars Mo
Karin Molvik
Bjørn G Nedrebø
Johannes Ness
Lars Gunnar Oma
Jostein Ravn Ottesen
Anders Rundhaug
Berit Sandve
Trygve Sandvik
David Skogvold
Marta Utne
Åsmund Vinje
Marit Wikstrøm

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Arne Buene
Jan Hana
Anne Sofie Moe
Tore Moen
Ståle Paulsen
Johannes Tveita
Arne Harald Tøsse
Signe Petrine
Åbergsjord

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Oddveig Olava Marie
Øren Aldal
Magnar Almberg
Ola Bræin
Kjellaug Brørs
Arild Drøivoldsmo
John O. Dønheim
Johannes Finset
Liv Rigmor Flå
Sverre Hatle
Johan Sigmund Heggem
Inger Johanne Iversen
Liv Klaksvik
Jorunn M. Kvendbø
Hanne Kvitberg
Øyvind Lyngås
Oddvar Moen
Tove Mogstad
Henry Opland
Terje Ramsøy-Halle
Eirik S. Todal
Elen Maria Todal

ROGALAND MÅLLAG

Gunnleiv Aareskjold
Anne Sofie Aarflot
Audun Aarflot
Torstein Aartun
Sigmund Andersen
Øydis Antun
Grethe Askvik
Kristen Bakka
Lars Egil Bakka
Johannes Bakka

Ola Birkeland
Bjarte Birkeland
Ingebrigt Botnen
Atle Brandsar
Tor Inge Bråtveit
Kirsten Marie Bue
Torill Gunnarsrud
Buene

Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Josef Egeland
Ruth Einervoll
Ellen Einervoll
Anne Farbu
Lars Olav Fatland
Åse-Berit Fidjeland
Ingrid Fiskaa
Rune Folkvord
Per Fremmersvik
Ranveig Gudmestad
Ingrid Gjesdal
Endre Gjil
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Tommas Øyri Grøtterød
Vigdis Gullberg
Øyvind Sverre Hadland
Anny Hagesæter
Erik Severin
Hagesæther
Ingvil Harstad
Ola Hauge
Inge Haugland
Sverre Haver
Erik N. Havrevoll
Astrid Heigre
Halvard Helseth
Jan Johansen Hempel
Kjell Birger Hetlelid
Rasmus Hidle
Magne O. Hope
Arvid Horpestad
Jane Valaker Høgalmen
Arna Høyland
Anne Martha Kalhovde
Magnar Kartveit
Steinar Kjosavik
Inge Kjode
Magnhild Meltveit
Kleppa
Anne Margrethe Kolnes
Tore O. Koppang
Nils Ingvar Korsvoll
Herborg Kverneland
Olav Kvernenes
Reidar Kydland
Hallgeir Langeland
Karl Marius Lillevik
Georg Løvbrekke
Anne Mo
Reidar Nesheim
Marit Ness
Svanhild Olianna Nessa
Lise Lunde Nilsen
Knut Norddal
Tone Obrestad
Ingvar Olimstad
Leiv Olsen
Berit Irene Oltesvik
Marit Osland
Trond-Roy Pedersen
Else Marie Lid
Rasmussen
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Wenche Rosseland
Magne A. Roth
Liv Rysstad
Torhild L. Rørheim
Rolf Salte
Signhild Stave
Samuelson
Frode Sandve
Jostein Selvåg
Nils Martin Sikveland
Anne Berit Skeie

Eg gjev mål-
gåve, så sant eg
kjem på det.

Jon Fosse

Ingeborg N Skjærpe
Martin Skrettingland
Kåre Skår
Tom Soma
Hans Spilde
Marit Rommetveit
Staveland
Audun Steinnes
Inge Kristian Sunde
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Åse Sælevik
Hogne Sønnesyn
Dagfrid Søyland
Svein Kjetilson Søyland
Svein Kåreson Søyland
Liv-Sigrid Taylor
Tore Thorsen
Erling Thu
Oddrun Tjeltveit
Kurt Tunheim
Aslaug Marie Undheim
Jone Vadla
Knut Vadla
Ottar Vandvik
Astrid Apalset Vassbø
Ingeborg G. Vigre
Reidar Vik
Atle Ingar Vold
Askill Voll
Anne-Bjørg Åbø
Wiersen
Anne Elise Winterhus
Viggo Østebø

ROMSDAL MÅLLAG

Roger Aakernes
Ingar Aas
Dagrun Gjelsvik
Austigard
Harald Baldersheim
Annlaug Berge
Leif Erik Bolsø
Torbjørn Bruaset
Tordis A. Dahle
John Ekroll
Ivar Hol
Kåre Magne Holsbøvåg
Sigmund Julshamn
Arnhild Digernes
Krøvel
Harald Krøvel
Åse Melland
Jofrid Alvhild Moen
Asbjørn Oterhals
Astrid Skarsbø
Sven Erik Skarsbø
Svein Karsten Solbjørg
Kathrin Villa
John Edvard Voldseth
Roald Øygard

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Venke Bakken
Gerd Barmen
Gunhild Kofoed
Bekkelien

Olaug Marie Bjelde
Steinar Bruheim
Gunhild Børtnes
Gyda Bøtun
Nils Distad
Torkjell Djupedal
Tor W. Eikemo
Arne Eikenes
Gjertrud Eikevik
Kjell Erik Eldegard
Hans Engesæt
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Jan Martin Frislid
Ellen Frøyen
Rigmor Frøyen
Ola Fugle
Ottar Færøyvik
Annbjørg Førde
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Arne Gjeraker
Marie Godø
Olav Grov
Borghild Guddal
Jon Gåsemyr
Gunnar Hage
Oddlaug Hammer
Audun Hammer
Ståle Haugen
Oddstein Haugen
Hans Haugen
Bjarne Havro
Olin Johanne Henden
Helga Hjetland
Marianne Hoff
Ragnar Hove
Bjørn G. Hovland
Liv Husabø
Nils Husabø
Målfrid Husnes
Reidun Bergitte Håland
Martha Systad Iden
Ingunn Kandal
Lars Kjode
Ola Kjørstad
Torhild Solheim
Klævold
Ola Kongsvik
Ragnhild-Lise Furnes
Korsvoll
Aage Kvendseth
Gerd Kvile
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Bjørn Ladehaug
Gunnhild Larsen
Øystein Lavik
Bjørn Lombestein
Lofnes
Ivar Myklebust
Longvastøl
Rune Lotsberg
Sigrunn Lundestad
Kolbjørn Løken
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde

Johan Moldestad
Maryan Georgsdotter
Mundal
Anny-Irene
Mykkeltvedt
Kjell Myklebust
Kjell Magnar Myklebust
Ingunn Marie Myren
Knut Ole Myren
Kristian Nave
Olav Nedrebø
Gudlaug Nedrelid
Julie Kristine Ness
Gunnvor Ness
Astrid Marie Nistad
Ivar Bjarte Nord
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Esther Ndayizeye

Phillibert
Oddbjørn Ramstad
Jon Ramstad
Bodil Rand
Kjell Reed
Eli Johanne Sefland
Reite
Sæmund Kjetil Rindal
Jostein Risa
Henning Leiv Rivedal
Anne Rudsgen
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Steinar Røyrvik
Arve Sandal
Margot Sande
Laila Hov Sandnes
Jorunn Sandvik
Marta Kari Schawlann
Anne Guri Schrøder
Anders Skarestad
Olav Jonson Skjeldestad
Gerd Smaadal
Synneva Kolle Solheim
Erik Solheim
Joar Stegane
Kirsti Solheim Stegane
Irene Stokker
Ingunn Stokstad
Geir Liavåg Strand
Magn Jarl Stubhaug
Bård Støfringsdal
Thea Sunde
Karsten F. Sunde
Sigrid Svartefoss
Kari Malmanger Svedal
Gunnhild Systad
Jorunn Systad
Kristin Sælen
Ingrid Søyland
Helge Sårheim
Anne Grethe Tveit
Oddfrid Vereide
Mona Elin Solstad Vik
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Ingebjørg Voll
Wenche Wie
Ottar Wiik
Sølvi Songstad Waage
Jarl Yndestad
Liv Østrem
Magni Øvrebotten
Vidar Åm
Sonja Aasen Årdal

SUNNMØRE MÅLLAG

Ottar Aashamar
Bernt Baltzersen
Idun Schawlann
Barsnes
Elisabeth Birkeland
Berit Bjørlo
Sverre Bjåstad
Kjartan Bleie
Veronika Bonaa
Margrete Hatløy
Brubakk
Ole Arild Bø

Kari Elisabeth Løvoll
Dalhus
Steinar Dimmen
Norunn Margrethe
Dimmen
Nils Sigurd Drabløs
Sverre Drege
Marit Veiberg Eide
Heidi Fagna
Ann Britt Våge
Fannemel
Jørund Fet
Magnar Furset
Andre Gjerde
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Øystein Grønmyr
Per Halse
Eirik Hamre
Gunnar Kristen Hauge
Severin Haugen
Astrid Hausvik
Jan Heltne
Hans Gisle Holstad
Kirsten Hundvebakke
Reidun Hunnes
Astri Hunnes
Ingrid Runde Huus
May Britt Myklebust
Høydal
Lars Innvik
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøre
Aud Langlo Kongsnes
Jostein Korsnes
Stein Olav Kvalø
Einar Landmark
Odd Larsen
Hallstein Ljoså
Roger Nedreklepp
Brynhild Kåra Lund

Notøy
Magne Nærø
Trine Naadland
Ola Omenås
John Osnes
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm
Johan Ottesen
Grete Strand Rekdal
Solveig Eldrid Risbakk
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Anni Selma Rusten
Magnar Rønstad
Else Synnøve Skarbø
Reidar Skarbø
Gunnveig Marie Sollid
Skilbrei
Åse Skorgen
Hallvard Slettevoll
Jarle Solheim
Endre Standal
Harald Sunde
Sverre Sordal
Asgeir Tandstad
Geir Steinar Tandstad
Paul Arnfinn Tomasgard
Cecilie Torbjørnsen
Asbjørn Tryggstad
Liv Ukkelberg
Solveig Ulstein
Randi Flem Ulvestad
Anne Elisabeth Ose Velle
Jorun Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Sveinung Walseth
Bjarne Wærdahl
Knut Ytterdal
Inger Aarflot
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Gunnar Brekke
Amundsen
Sveinung Astad
Kristin Berge

Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Tjostov Gunne Djuve
Per Espeland
Knut Espelid
Olav Felland
Sigrid Fonnliid
Sigrid Fundlid
Jon Funner
Oscar Johan Garnes
Per Anders Buen
Garnås
Hans Magne Gautefall
Nils K. Gjerde
Gunhild Marthe
Gundersen
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Ingebjørg Hanto
Svanhild Haugen
Tone Sem Hovda
Øystein Høgetveit
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Halvard Jansen
Arne-Birger Knapkog
Olav E. Kaasa
Tove Løyland
Aud Manheim
Bergit O. Mikkelsen
Sigrun Garvik Moen
Hilda Helene Neset
Jakob Olimstad
Kari Rustberggård
Børre Rønningen
Per Skaugset
Olav Solberg
Olav Teigen
Tone Telnes
Olav Tho
Torkjell Tjønn
Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Borgny Slettemoen
Tøfte
Kjell Vistad

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther
Bente Benjaminsen
Per K. Bjørklund
Knut O. Dale
Nils Dannemark
Bjarne Eilertsen
Torgeir Engstad
Harald Evanger
Lillian Bernes Hay
Kjell Heggelund
Olav Gaute Hellesø
Olaug Husabø
Dag Hvidsten
Kjellaug Jetne
Ingvild Kamplid
Ellen Skjold Kvåle
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Reidun Mellem
Oddrun Molvik
Atle Måseide
Ole Edgar Nilssen
Ove Arild Orvik
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Rønnaug Ryssdal
Guri Skeie
Sunniva Skålnes
Anne Marta Steinnes
Magnhild Svenheim
Greta Tjelle
Jon Todal
Gunn Utkvitne
Birger Vang

TRØNDERLAGET

Svein Aarnes
Reidar Almås
Eli Aune
Ivar Austrheim
Håvard Avelsgaard
Kjell Bardal
Ivar Berg
Karl-Ove Bjørnstad

Olaug Denstadli
Bente Elnan
Tore Fagerhaug
Jan Finjord
Svein Arild Fjeldvær
Asbjørn Folkvord
Nina Fossheim
Kjell Harald Fredrikson
Arne A. Frisvoll
Anders Gjelsvik
Gunhild Grue
Jon Grønliid
Ivar Sv. Hanem
Liv Haugen
Torgeir Havik
Andrea Hjelde
Ola Huke
Modulf Husby
Sigrid Haavik
Inger Sandvik Jarstein
Ragnar Jenssen
Åke Junge
Per Knut Kvande
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Tore Moen
Magne Måge
Jens Morten Nilsen
Ingrun Norum
Idar Næss
Solveig Otlo
Helge Raftenvold
Herman Ranes
Olaug Reitås
Helge Rypdal
Einar Rædergård
Ragnhild Saur
Rutt Olden Skaug
Oddny Pauline Skeide
Ingebjørg Sogge
Odd Sigmund Staverløkk
Per Johan Sæterbakk
Svein Bertil Sæther
Sverre Sævareid
Jan Sørås
Torbjørn Tranmæl

Johan Vestrum
Harald Vik-Mo
Ann-Merethe Voldsund
Beret Wicklund
Ellinor Wisniewski
Aa. Bjørgum Øwre

VALDRES MÅLLAG

Elisabeth Inger
Bakkene
Gunnar Belsheim
Kristian Berglund
Olav Gullik Bø
Anders Johnsson
Espeseth
Ola Fosheim
Margit Fuglehaug
Kjell Hagerup
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Bjørn Vegard Johnsen
Edmund Kvåle
Bjørn Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Margunn Søyland
Nesbakken
Brita Siri Nesja
Nils Rogn
Nils Petter Røed
Ragnhild Solberg
Knut Soldal
Marit Eltun Svendsen
Anne Ingeborg
Terningen
Kari Bø Wangensteen
Ambjørn Westerheim
Berit Matre Ødegaard
Ingebjørg Årseth

VEST-AGDER MÅLLAG

Tove Berulvson
Marie Bjørnestøl
Anne-Berit Erfjord
Kristen Fløgstad
Betsy Folkvord

Svein Harald Follerås
Randi Lohndal Frestad
Bernt Gautestad
Ole Steffen Gusdal
Berit Fiskaa Haugjord
Magne Heie
Ola Reidar Haaland
Olav Torgny Hærtveit
Oddvar Jakobsen
Inge Klepsland
Solveig Stallemo Lima
Målfrid Lindeland
Solveig Robstad
Nils Salvigsen
Bjørn Helene Slapgard
Birgit Stallemo
Nils Harald Stallemo
Asbjørn Stallemo
Per Sveinung
Stordrange
Eva Haugen Sørgaard
Solbjørg Tjørhom
Vidar Toreid
Aslaug Verdal
Halgeir Verdal
Bjørn Vestrheim
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Asgeir Bjørkedal
Ole Johan Bjørnøy
Jan Bryggfjell
Halvor Dalene
Eldbjørg Johanne Giske
Arnstein Hjelde
Benthe Kolberg Jansson
Inger Marie Kolberg
Per Thorvald Larsen
Inge Monefeldt
Jan T. Pharo

YRKESMÅLLAG

Anne-Marie Botnen
Eggerud
Morten Elster

MÅLGÅVE MED
VIPPS:
90540

Elise Sundfør Erdal
Kristian Hagestad
Sissel Hole
Eirik Holten
Kåre Lilleholt
Kjell Harald Lunde
Arne Exner Nakling
Olav Norheim
Borge Otterlei
Jon Ovrum
Linda Plahte
Frøde Ringheim
Haldor Slettebø
Lars Helge Sørheim
Harald Thune
Turid J. Thune
Åse Tveiten
Sigrid Tyssen
Torgeir Urdahl
Birger Valen
Elin Vestbøstad
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELEDE

Marit Einrem
Leif Elsvatn
Arnt Folgerø
Egil Andreas Helstad
Robert Hermansen
Johannes Hjønnvåg
Kjellaug Larsen
Herborg Lillebø
Ronny Rognhaugen
Magni Sandal
Gro Einrem Volseth

KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



«Frost»-boka
98 kr



Helsingskort
20 kr



Fossekrus
348 kr



Matboks
120 kr



Ostehøvel
260 kr

På nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.
Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35,
eller gå inn på www.nm.no/krambua.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER



BLI MED PÅ NYNORSKVEKA!

Nynorskveka er den nasjonale feiringa av det nynorske skriftspråket og av Noreg som eit språkleg likestilt land. Det vert markeringar i heile landet i veka mellom 6. mai, vedtaksdatoen i 2014 for den nynorske Grunnlova, og 12. mai, datoen for jamstillingsvedtaket frå 1885.

Nytt veka til å gjera noko gøy i lokallaget og lokal-miljøet ditt! Her er nokre tips:

Skulane kan bruke nynorskveka til å nå kompetansemål om nynorsk, språk og folkestyre. Nynorsksenteret har tips til undervisningsopplegg med utgangspunkt i kompetansemåla for kvart trinn.

Norsk Målungdom sender gjerne ungdomar til ungdomsskular og vidaregåande skular for å ha målferd, der dei tek opp tema som språkhistorie, dialekt, nynorsk og bokmål.

Barnehagane kan ha aktivitetar knytte til nynorsk, dialekt og språkmangfald. Både Nynorsksenteret, Tunkatten og Pirion har gode ressursar.

Biblioteka kan kanskje ha leselunsj, bokkveld, språkkafé eller forfattartreff? Dei kan i alle fall lage utstilling med nynorskbøker.

Gjer noko på arbeidsplassen din! Skriv og prat om nynorsken, lag innlegg i sosiale medium, et kake, les nynorske bøker!

LANDSMØTE I NOREGS MÅLLAG

Frå fredag 24. april til søndag 26. april inviterer Noregs Mållag til det 104. landsmøtet gjennom tidene. Møtet er på Gardermoen. Landsmøtet er det høgste organet i Noregs Mållag og vedtek både politikk, stra-

tegi og økonomien for organisasjonen. Det vert aktuelle innleiingar, politisk ordskifte og val av nytt styre i Mållaget. Det blir kulturinnslag og bra målfolk frå heile landet, så dette er absolutt noko å få med seg! Blir det heise dyrt for laget ditt? Då er det råd å søkje støtte til å reise. Skriv til Gro Morken Endresen gro.morken@nm.no

NYTT ARBEIDSPROGRAM

Landsmøtet skal vedta nytt arbeidsprogram. Ei nemnd har laga eit utkast, det har allereie vore til høyring i organisasjonen og på landsmøtet er det styret som legg fram nytt framlegg til arbeidsprogram for dei neste fire åra. Her kan alle utsendingar vera med å påverke, og dette blir ei av dei store sakene på landsmøtet.

MOMSKOMPENSASJON

Lokale mållag kan søkje om momskompensasjon. Finn søknadsskjema på nettsidene, og send det og signert rekneskap med årsmelding til nm@nm.no innan fristen 1. august 2026. NB! Lag som ikkje er registrerte i frivilligregisteret får søknaden avslått! Hugs at det er noko anna enn å vera registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

SØK OM ORGANISASJONSMIDLAR!

I år er det sett av heile 400 000 kroner i organisasjonsmidlar, som lokal- og fylkeslaga kan søkje på til lokalt målarbeid. Laga kan søkje gjennom heile året. På nettsidene er det meir informasjon.

1 ■ 2026
Norsk Tidend

Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai

Prent: Amedia Trykk

Opplag: 17 000

Abonnement: kr. 250,- per år

Annonser:

Annonseprisar: kr 9,00,-/mm

Tillegg for tekstsider: kr 0,50,-/mm

Spaltebreidd: 45 mm

Kvartside: kr 4000,-

Halvsider: kr 6000,-

Heilsider: kr 10 000,-

Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stoffrist nr. 2, 2026:

1. juni 2026



NOREGS MÅLLAG

nm.no

Tilskrift:

Dronningens gate 22
0154 OSLO

Telefon: 23 00 29 30

E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:

Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Kontonr.: 3480 17 82851

Leiar: Peder Lofnes Hauge

95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Live Havro Bjørnstad

91 75 39 37 / live.bjornstad@nm.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen, dagleg leiar,

tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,

gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjons-

og kommunikasjonsrådgjevar,

tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar,

tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemållsskrivar,

tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,

ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons-

og organisasjonsrådgjevar,

tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Jógvan Helge Apalnes Gardar,

redaktør Norsk Tidend,

tlf. 95 07 88 18, helge.gardar@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen,

politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,

tlf.: 48 24 87 47, frida.mikkelsen@nm.no

Tonje Thorstad Kildal,

kommunikasjonsrådgjevar (vikariat),

tlf. 97 06 82 26, tonje.kildal@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

Leiar: Sebastian Vinsent Natvik,

sebastian@malungdom.no,

tlf. 99 50 80 11

Skrivar: Mari Kaslegard,

mari@malungdom.no,

tlf.: 97 34 28 64

Bladstyrar Motmæle:

Ingrid Blancheflor Dyrli, tlf. 95 74 81 16,

bladstyret@malungdom.no

Tilskrift: Dronningens gate 22,

tlf. 97 34 28 64,

norsk@malungdom.no

Kontonr.: 3450.65.48707 (målgåver)

Returadresse:
Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 OSLO



Nr. 1 • mars 2026

Norsk Tidend

Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai

– Ei nedbygging av sidemålsordninga vil først og fremst ramma det nynorskbrukande mindretalet.

Øystein A. Vangsnes

for hundre år sidan

Aandsinnhaldet i målsaki

Riksmålsfolk peikar på som eit lyte ved Nynorsk salmebok at ho har so fåe tyske og danske salmar. Desse folk må ikkje skyna grunnen til at Nynorsk salmebok er komi. Ho er komi for å hjelpe det norske folk til å flytja heim med salmesongen sin, dyrka og nytta det som har vakse upp av den norske folkegrunnen.

Bernt Støylen
i *Haugesunds Avis*,
26. januar 1926

«Hu Dagmar»

Dagmar blev spilt av Tordis Maurstad. Spilt slik som man kan tenke sig en slik eventyrske. Bare skade at skuespillerinnen ikke helt klarte den vulgære Oslo-dialekt. Om de øvrige kunstnere kan man vel si at ingen av dem helt klarte hede-marksdialekten.

Indlandsposten,
30. januar 1926

Framgang for norsken

Nynorsken vinn stadig fram paa alle omkverve. Serleg hev det riksstyret som no sit med makta, gjort godt arbeid for at norsken skal vinna fram i centraladministrasjonen. No er det kome so langt at det er ei plikt at dei som skriv paa nynorsk, skal ha svar paa same maalføret.

Kongsberg Dagblad,
2. februar 1926

Stormeistaren i norsk

forteljekunst – Olav Duun

– Endeleg er eg komen so langt at eg kjenner meg lettare, eg kann tala samstundes som eg veit at eg kann henda har ein og annan med meg; for det er vel truleg at ein og annan har lese Olav Duun. Han er komen so langt at bøkene hans blir selde i eit kjempeupplag på 3000! (...) Eg er ingen stor diktar, og so stor ein domar kan eg vel heller ikkje gjera krav på å vera, men so stort eit ord vil eg våga, at der i all heim-sens litteratur ikkje finst maken til Olav Duun sine skildringar av det primitive sjelelivet.

Henrik Rytter
i *Søndmørsposten*,
8. mars 1926

på tampen



Snakkisen i Minneapolis

■ Dei siste vekene har Minneapolis vore i nyhendeBILETE, på grunn av framferda til ICE-agentar, demonstra-sjonane i motsvar, drap av sivile, og arrestasjon og deportasjon av men-neske som har lovleg opphald i lan-det. Det var au her George Floyd blei drepen av politiet i 2020, noko som sette i gong massive protestar og Black Lives Matter-rørsla. At denne relativt litte byen i amerikansk samanheng er midtpunktet for desse hendingane tykker eg er sær underleg, for når eg tenker på Minneapolis, tenker eg på Noreg.

■ Nordmenn har utvandra til USA i fleire periodar, kringom 800 000 emi-grerte til statane mellom 1820 og 1920. Og nordmennene, dei likte seg godt i Midtvesten. Ein femtedel av folk i Min-nesota reknar seg som norsk-amerika-narar, som gjer Minnesota til delstaten med flest norskætta amerikanarar. Dei

et lapskaus, feirar 17. mai, og kan gå i bunad.

■ Det er i nett desse delstatane ein finn amerikanorsk, au kalla midt-vestnorsk, ei form for koinédialekt av norsk ein snakkar i Amerika, som ein seier på godt moisk. Før fyrste verdskrigen hadde amerikanorsk over ein million talarar, men som fylgje av amerikansk nasjonalisme har det talet blitt kraftig redusert sia mellomkrigs-tida. I 2005 var det litt under 40 000 som hadde det som morsmål, eit tal som nok er lågare no. Som mange andre språk som blir snakka utanfor opphavslandet, har amerikanorsk ein del arkaiske former og fornorskar engelske ord. Me som er språknerdar har nok sær lyst til å møta nokon som snakkar det, men aller helst skulle eg ha lese ei skjønnlitterær bok skriven i denne forma!

THARANIGA RAJAH

Som mange andre språk som blir snakka utanfor opp-havslandet, har amerikanorsk ein del arkaiske former og fornorskar engelske ord. Me som er språknerdar har nok sær lyst til å møta nokon som snakkar det.